



**NIBIO**

NORSK INSTITUTT FOR  
BIOØKONOMI

NIBIO RAPPORT | NIBIO REPORT

VOL.: 1, NR.: 56, 2015

## Kulturlandskapet i Bossbulega, Sveling og Håhelleren i Valle vesthei

Kartlegging av kulturminner og biomangfold innen verneområdet Setesdal Vesthei, Ryfylke- og Frafjordheiane (SVR).



FORFATTERE; LEONHARD JANSEN OG ELLEN SVALHEIM<sup>1</sup>

<sup>1</sup>NIBIO, Kvithamar

**TITTEL/TITLE**

KULTURLANDSKAPET I BOSSBULEGA, SVELING OG HÅHELLEREN I VALLE VESTHEI

**FORFATTER(E)/AUTHOR(S)**

LEONHARD JANSEN OG ELLEN SVALHEIM

<b>DATO/DATE:</b> 24.02.2016	<b>RAPPORT NR./ REPORT NO.:</b> 1/56/2015	<b>TILGJENGELIGHET/AVAILABILITY:</b> Åpen	<b>PROSJEKT NR./PROJECT NO.:</b> Prosjektnr 630018	<b>SAKSNR./ARCHIVE NO.:</b> Arkivnr	
<b>ISBN-NR./ISBN-NO:</b> 978-82-17-01516-1		<b>ISBN DIGITAL VERSJON/ ISBN DIGITAL VERSION:</b> Versjon nr	<b>ISSN-NR./ISSN-NO:</b> 2464-1162	<b>ANTALL SIDER/ NO. OF PAGES:</b> 88	<b>ANTALL VEDLEGG/ NO. OF APPENDICES:</b> 0

**OPPDRAGSGIVER/EMPLOYER:**  
Forvaltningssekretariatet i SVR**KONTAKTPERSON/CONTACT PERSON:**  
Tarjei Haugen**STIKKORD/KEYWORDS:**  
Driftelege, stølslandskap, kulturminner og biomangfold**FAGOMRÅDE/FIELD OF WORK:**  
Kulturlandskap**SAMMENDRAG/SUMMARY:**

På oppdrag for Fylkesmannen i Aust-Agder er det gjennomført kartlegging av kulturminner og botaniske verdier i stølslandskapet i Valle vesthei innen nasjonalparkområdet til Setesdal Vesthei, Ryfylke- og Frafjordheiene, SVR.

Historiker Leonhard Jansen har registrert kulturminne og Ellen Svalheim (NIBIO) har kartlagt vegetasjon i de tre lege- og stølsområdene Bossbulega, Sveling og Håhelleren.

Denne rapporten oppsummerer kartleggingene som ble utført sommeren 2015, samt gir konkrete råd for oppfølging av verdiene.

**LAND/COUNTRY:** Norge  
**FYLKE/COUNTY:** Aust-Agder  
**KOMMUNE/MUNICIPALITY:** Valle kommune  
**STED/LOKALITET:** Bossbulega, Sveling, Håhelleren

**GODKJENT /APPROVED**

Knut Anders Hovstad

NAVN/NAME

**PROSJEKTLEDER /PROJECT LEADER**

Ellen Svalheim

NAVN/NAME



# FORORD

Undertegnede har på oppdrag for Fylkesmannen i Aust-Agder ved forvaltningssekretariatet i SVR gjennomført kartlegging av kulturminner og botaniske verdier i stølslandskapet i SVR i Valle kommune.

Historiker Leonhard Jansen har registrert kulturminne og biolog Ellen Svalheim (NIBIO) har kartlagt vegetasjon i de tre lege- og stølsområdene Bossbulega, Sveling og Håhelleren.

Disse lokalitetene blei valgt ut for å få mest sammenfall mellom kulturminne og kulturavhengig biomangfold i stølslandskapet. Det er også vektlagt at lokalitetene er rimelig lett tilgjengelige for informasjon, skjøtsel og videre oppfølging.

Denne rapporten oppsummerer kartleggingene som ble utført sommeren 2015, samt gir konkrete råd for oppfølging av verdiene.

Vi takker for et interessant oppdrag, og for tett oppfølging og bistand fra verneområdeforvalter Tarjei Haugen.

Valle/Hjartdal 24.02.16

Leonhard Jansen

Cand.philol.

Ellen Svalheim

Forsker Kulturlandskap

NIBIO

# INNHold

1	SAMMENDRAG.....	6
2	HEIANE- KULTURHISTORISK BAKGRUNN .....	7
2.1	Legegjeting og driftefe .....	11
3	BOSSBULEGA.....	14
3.1	Beliggenhet.....	14
3.2	Kulturminner .....	15
3.2.1	Heia i Åmli og Berg .....	15
3.2.2	Bossbulega.....	17
3.3	Kulturavhengig vegetasjon i Bossbulega.....	28
3.3.1	Beitetrykk .....	28
3.3.2	Vegetasjon på stølsvoll og opplendte arealer .....	30
3.3.3	Vegetasjon på myr og rundt kilder og bekker .....	33
3.3.4	Vegetasjon i tilgrensende rishei .....	35
3.3.5	Vurdering .....	35
3.4	Aktuelle skjøtsels og restaureringstiltak i Bossbulega .....	36
3.4.1	Skjøtsel kulturminne .....	36
3.4.2	Skjøtsel biomangfold .....	36
4	SVELING .....	38
4.1	Beliggenhet.....	38
4.2	Kulturminner .....	39
4.3	Kulturavhengig vegetasjon i Sveling.....	44
4.3.1	Beitetrykk .....	44
4.3.2	Vegetasjon på stølsvoll og opplendte arealer .....	46
4.3.3	Vegetasjon på myr.....	46
4.3.4	Risheivegetasjon.....	47
4.4	Vurdering.....	48
4.5	Aktuelle skjøtsels og restaureringstiltak i Sveling .....	48
4.5.1	Skjøtsel kulturminne .....	48
4.5.2	Skjøtsel biomangfold .....	48
4.5.3	Formidling .....	49
5	LANGS VEGEN FRA BERG TIL BOSSBU .....	50
5.1	Registreringer på vegen mellom Berg og Bossbu.....	50
5.1.1	Stakkebakke, nedanfor parkeringsplass .....	50
5.1.2	Hyledalen.....	50
5.1.3	Burak.....	51
5.1.4	Burakkjelda .....	52
5.1.5	Tjovetjønni .....	52

5.1.6	Rennevatn .....	52
5.1.7	Stavskar .....	54
5.1.8	Stavbrokke.....	54
5.1.9	Svorvarnuten .....	55
5.1.10	Prestvaren og Prestvarfonni .....	56
5.1.11	Fiskespranget.....	57
5.1.12	Låghedderen .....	58
5.1.13	Kolsvassdyret .....	58
5.1.14	Gygri og Rysen .....	58
5.1.15	Olav Ljosådalen og trollkjerringi .....	59
<b>6</b>	<b>HÅHELLEREN .....</b>	<b>60</b>
6.1	Beliggenhet.....	60
6.2	Kulturminner Brokkeheia .....	61
6.2.1	Håhelleren.....	66
6.2.2	Fast busetjing.....	73
6.2.3	Helleren .....	75
6.2.4	Murar etter husrekkje.....	77
6.2.5	Rydningrøyser/forstøttningsmurar .....	78
6.2.6	Steingjerde, steinhaugar m.m. ....	78
6.3	Kulturavhengig vegetasjon på Håhelleren .....	80
6.3.1	Beitetrykk og slitasje.....	80
6.3.2	Vegetasjon oppunder helleren og på opplendte arealer .....	82
6.3.3	Vegetasjon på myr og rundt kilder og bekker .....	84
6.3.4	Vurdering .....	86
6.4.1	Skjøtsel kulturminne .....	86
6.3.5	Skjøtsel biomangfold .....	86
6.4.3	Formidling .....	87

# 1 SAMMENDRAG

Heia har vært i bruk fra lenge før de historiske kjeldene begynner å tale. Utover på 1600-talet økte det på mer og mer, og toppen ble nådd omtrent midt på 1800-tallet. Det intense, ekstensive heiebruket fortsatte til i mellomkrigstida, for deretter å bli så og si helt avviklet i løpet av 1950-tallet.

For folk flest var heia en del av næringsgrunnlaget. Mye av næringsproduksjonen på gårdene fant sted der, i form av konkret arbeid (t.d. stølsdrift og vedhogst) eller jakt, fangst og fiske. Dette har satt konkrete merke etter seg på den måten at kontakten mellom dalbunn og høghei også viser seg igjen i plantelivet på høgheia, i kulturminne og andre spor etter menneskene som har vært der, og i stedsnavnene. Denne rapporten vil forsøke å fange opp noe av dette.

Det var mye snø i Setesdalsheiene vinteren 2014/15, og våren vår sein og kald. Dette medførte sein vekststart og kortere vekstsesong for plantene i fjellet. Kartleggingen av plantene ble likevel tilpasset den seine vekststarten, da befaringen ble lagt til 9. og 10. august. Fremdeles lå det snø til eksempel flere steder innen undersøkelsesområdene, og vegetasjonen hadde jevnt over kommet kort i utvikling. Kartleggingen hva gjelder botanikk fanger derfor kun opp et representativt planteutvalg fra kartleggingstidspunktet. For å få en mer fullstendig artsliste bør områdene bli kartlagt gjentatte ganger gjennom vekstsesongen, og kanskje aller helst i et år med en lengre vekstsesong.

## 2 HEIANE- KULTURHISTORISK BAKGRUNN

Dei fyrste menneska som tok heia i bruk, var med stor sikkerheit fangstfolk og sankarar som hausta av den rikdomen heia gav. I høgjellet var då som no reinen det mest ettertrakta viltet. Langs dei gamle trekkrutene finn vi i dag dyregraver og bogestille; oppmura levegger og stillingar der jegerane søkte ly og skjul medan dei venta.

Dei gamle trekkrutene til reinsdyra låg som oftast der vi noko romsleg kan seie det ville vere naturleg å leggje vegen. Slik var det til for ikkje lenge sidan, men kraftutbyggingar og oppdemming har tvinga dyra til å leggje vegen rundt der det no er vatn. Når vasstanden er låg ser ein med ein gong reinsdyrspor i gjørma der dei gamle trekkrutene låg.

Hovudferdsleåra mellom Setesdal og områda vestafor ber namnet Skinnevegen som ein dokumentasjon på ei viktig vare som vart ført over fjellet. Eigentleg er det mange vegar som alle startar i nærleiken av der folk budde, går saman til nokre få hovudferdsleårar inne i høgheia, og deler seg att alt etter kva for mål den reisande måtte ha.

Setesdølane tala om å reise på Nordlandet når dei reiste vestover. Framleis er uttrykket «nord i heia» i vanleg bruk i tydinga heia vest for dalen.



*Figur 1. Ved Bossvatn 8. juli 1927. Dei tre karane kløvja for ein Lars Holte som kom er med ei sauedrift. Det var enklaste måten å frakte på. Legg merke til at isen ligg framleis. Foto frå Setesdalsmuseet.*

Før det kom køyrevegar langsetter dalføra, var heiar noko som skilde. Vatn batt saman. Difor var det vanleg å ende opp på stader der ein kunne kome seg i båt, og ro eller segle til markadar og byar der det var mogeleg å skaffe korn og anna vare.

Langs desse vegane aust-vest er det vi finn dei beste overnattingsplassane i form av holer og hellerar som gjev naturleg ly. Slike var nødvendige av to grunnar. Hovudgrunnen var sjølvsagt fordi reisa var for lang til å greie på ein dag, iallfall med tung bør på hest eller mannerygg. Den andre fordi det av og til kunne kome på så kraftig uvêr at det vart farleg å fortsetje.

Vilkåra for dyrking av korn var marginale, så vi talar om eit næringsliv basert på dyrehald, jakt, fangst og fiske. Sjølv sagt også i kombinasjon med sanking av bær, urter m.m. I tillegg hadde dei jernvinna. Jern utvunne av myrmalm var ei vare som kunne seljast eller bytast i vare ein ikkje klarte å produsere sjølv. Viktigast i så måte var korn, men også salt for å kunne take vare på kjøt, smør m.m.

Det er indisium på at det har vore marknadsplassar med utveksling av varer t.d. ved Kaupmannsbui i austenden av Bossvatn i Bykle, i sjølve Vallebygda og kanskje også andre stader nedover Setesdal. Nyare arkeologiske utgravingar kan tolkast i den retning.

I høgmiddelalderen hadde busetjinga tøygt seg temmeleg langt innover sidedalane og oppover mot heia. Omslaget kom brått og sikkert uventa i form av fleire epidemiske utbrot av pest og andre sjukdomar frå midten av 1300-talet. Folketalet gjekk nedover, og mange gardsbruk vart ståande tome. Heiane var ikkje lenger ein ressurs når så mykje dyrka mark stod ubrukt nede i dalbotnen. Folk flytta dit det var lettast å leve.

Fyrst med aukande folketal på 1600-talet begynte bøndene på ny å interessere seg for høgheia. Særleg med tanke på husdyrhaldet vart heia viktig. I staden for endå ein gong å sende folk til fjells, valde dei no å late folk busetje seg heime, dvs. i hovuddalføret og i ei høgde over havet på opp mot 500 m (t.d. Brokkegrenda i Valle kommune på ca. 475 m.) Gardane vart delte mellom sysken – dei fleste 3-5 bruk – og eit omfattande nettverk av støylar, mange svært nær der folk budde (heimstøylar) la til rette for at utmarksressursane i heia kunne utnyttast maksimalt.

Denne måten å organisere på medførte at folk vart buande vekke 2-3 månadar kvar sommar. Folk som kom til dalen fekk ei kjensle av at alt var fråflytta.

På sørsida av Brokke-Suleskarvegen ligg terrenget jamt over lågare enn på nordsida. I det området finn vi berre nokre få eksempel på at det har vore fast busetjing heilt opp mot/over tregrensa. (Håhelleren (894 m), Pytten (736 m), Kvinen (730 m), Myhola (686 m), Suleskar (660 m), Ånebjørg (550 m).

Tek vi ein kikk oppover i Setesdal, skjønar vi at dette har noko å gjere med heile organiseringa av næringslivet. Også i Bykle sokn var det omfattande støylsdrift. Forskjellen er at den faste busetjinga, som i all hovudsak ligg på meir enn 500 m over havet, der breier seg innover i sidedalane og held fram heilt opp til Bjåen på over 900 meter. Gardsbruk og støylar ligg på same høgde over havet. For eksempel hadde Hovden-gardane på nordsida av Harteavatn i Bykle støylar på sørsida av same vatnet. Eit frodigare jordsmonn er med og forklarar kvifor det gjekk an å bu der; sjølv om det år om anna ikkje vart moge korn på åkrane.

Når kjeldene begynner å flyte rikare på 1500-talet, høyrer vi også om støylar. Fyrste gongen er i eit brev frå 1538 der Arne Bjørnsson Nomeland sel støylen Løyning i Sandnesdalen på austheia. Utover på 1600-talet vert det fleire og fleire rettssaker som tek opp eigedomsrett til gamle, nedlagde støylar. Det kans vanskeleg tolkast som anna enn eit tydeleg teikn på at dei på nytt har vorte ettertrakta. Landskatten i 1661, ei registrering av jordeigedomar myndighetene fekk gjennomført med tanke på auke skatten, bekreftar at støylsdrifta alt då var omfattande. Alle matrikelgardane i Hylestad hadde då støylar, og 95% av dei i Valle.

I 1770-åra har presten Reier Gjellebøl ei grundig handsaming av heiebruket, og set det inn i ein brei samanheng: «Ja man kan ikke fortælle, med hvor megen Besvær og Bekostning dette Folk samler om Sommeren det Foder, som de om Vinteren skal føde deres Creature med. Men alt dette sætte de tilside, visende baade den største Vindskibelighed, som og Flittighed i den Fald, eftersom det kommer saa meget an paa, at deres Kreaturer blive vel forede og fødte, ja Creaturene, tilligemed hvad de kunne nyde af dem, er næsten deres eneste Næringsvej og Middel; thi naar Creaturene ere vel fødte, saa have de ikke alene brav Melk til Spise i deres Huse, samt Hævd til deres Agre, men og kunne sælge ikke alene levende Creature, men og Kjød, Smør, Talg, Skind, og andet saadant mere.»

Her vert heiebruket sett fram som ein føresetnad for dyrehaldet, og indirekte au for dei gode avlingane på åkrane (gjødsel). Endå tydelegare kjem det fram i ein merknad om at dei heldt på å

sanke fôr på heia «lige indtil Michaelis»(29. september) ”eller den Tid at Sne og ustadigt Vejr forhindrer dette Arbejde.» Andre stader var heieslåttan til vanleg ferdig til skurdonna i august.



Figur 2. Heile familien i sving på Myklestøyl i Heddesdalen kring 1930. Foto Knut Jonson Heddi. Frå Setesdalsmuseet.

Det var to slags støylar, heimstøylar og sommarstøylar. Dei fyrstnemnde låg nærast garden, og vart bruka vår og haust, eller berre om hausten. Sommarstøylane, som låg lengst inne, vart bruka i mellomtida. Slåtter og støylar som vart slegne eitt år, fekk gjerne kvile 2-3 år før neste slått. Dei mellomliggjande åra vart det beitt, og støylsvollane gjødsla med kviing, dvs. bruk av grunder der dyra gjekk om natta. Desse vart flytta kvar dag slik at heile støylsvollen etter kvart fekk tilført næring.

Fyrste halvdel av 1800-talet er merkt av stor satsing på husdyrproduksjon. Mellom 1802 og 1835 auka talet på kyrlag (= eit mål på det totale dyrehaldet) med over tusen, eller vel 50%. Støylslivet fekk eit omfang det aldri hadde hatt tidlegare, for jorda heime trongst til jordeple og korn. Vi ser også at det vart etter måten færre kyr, og at talet på sauer og geiter auka mykje. På den måten nyttiggjorde dei seg beite- og fôrressursar som kyrne ikkje ville ha.

Ingen andre stader i landet var støylsdrifta så utbreidd som i Setesdal. I 1863 er det ei ny teljing som fortel oss at alle gardsbruk hadde støyl. 3/4 av bruka hadde endåtil to eller fleire støylar. Berre heiane i Vest-Telemark, baksida av våre egne austheiar, kan vise til liknande. I Hylestad hadde til og med mest halvta av gardsbruka fire støylar eller meir, i Valle 1/3.

I 1907, får me opplyst at heieslåttan i Valle og Hylestad samla utgjorde eit areal på 40 562 mål. Det skulle ikkje vere nødvendig å gå nærare inn på kva plassering det gav på statistikken.

Setesdal var altså i ei serstilling med omsyn til heieslått og støyalar. Båe deler heng forresten nøye saman, på den måten at dei trong mange buer, både til å bu i og til å lagre høyet i, når dei slo så store areal. Det var også vanleg å setje opp høystakkar til det som ikkje fekk plass i høyløene.



*Figur 3. Knut O. Nomeland hentar høy frå høystakk. Han gjorde det til ei næring å reise i høyskog for andre. Foto Torjus O. Nomeland. Frå Setesdalsmuseet.*

Akkurat når det skaut fart går ikkje direkte fram av kjeldene, men mellom 1661 og 1863 auka talet på støyalsbuer frå 190 til 575, og mengda høy som var køyrt ned til bygda endra seg frå 293 lass til 7177. Det skal ikkje så stor fantasi for å konkludere med at veksten må ha samanheng med folkeauke og behov for meir fôr til den dyremengda som skulle gi mat ei veksande befolkning. Då vert perioden frå midten av 1700-talet til rundt midten av 1830 viktigast. Dei areala som så langt ikkje var utnytta var marginale i forhold til avling, eller låg så langt vekk at det vart for stor investering i menneskelege ressursar å bruke dei.

Heielivet endra seg lite til godt ut på 1900-talet. Først då rutebilane begynte å køyre i 1921, var det mogeleg å få frakta kunstgjødsel i såpass store kvanta at auka avlingar heime vog opp for mindre heieslått. Krigsåra sette prosessen i revers; då måtte kvar greie seg best han kunne, og heia var på ny gull verd.

Den siste ordinære støyalsdrifta i Setesdal vestehei med kyr vart gjennomført sommaren 1961. Nokre gardsbruk hadde dyrka støyalsvollar, og der vart det slått og køyrt heim høy endå nokre år. Den siste generasjonen som var med på støylen, og var store nok til å hugse noko frå arbeidet der, nærmar seg no stygt 70 år.



Figur 4. Støylen Rjupekilen på Rysstad vart dyrka på 1930-talet, og vart slegen med hestslåmaskin. Det vart kalla opptak. Avlinga var år om anna svært god, og det vart sett opp ei stør høyløe. Foto frå Facebook/Jon Atle Helle.

## 2.1 Legegjeting og driftefe

Folk i Setesdal brukar framleis Drifteheii som nemning på ein del av dei vide heiestrekningane mellom Setesdal og Sirdal/Ryfylke. Framleis har tusenvis av sauer vestfrå sommarbeitet der.

Systemet var gamalt. Frå 1723 les me at særleg Valle skaffa seg det dei trong av korn mot å selje «hvad Creatur de enten selv paa deris egne Gaarde kan opføde, eller fra andre Steder om Vaahren sig tilhandle, og igjen om Høsten til langt fraeliggende Kiøbstæder til forhandling uddrive.»

Frå 1770-åra fortel Gjellebøl at kræturhandlarar, helst frå andre bygder, reiste rundt om vinteren og kjøpte dyr på båsen. Om sommaren vart dyra drivne på beite, og førde til marknaden om hausten. «Dette har været længe i Brug,» legg han til.

Gjellebøl nemner også at setesdølane sjølve så vidt har byrja å drive med dette. I 1779 er to driftehandlarar nemnde i futerekneskapane, mot fem i 1793.

Kjøpstadene det her er tale om, var Kristiansand og byane austafør. Seinare, på slutten av 1800-talet, bytte det med Stavanger. Livdyr vart avleverte undervegs, og det som ikkje vart selt hamna hjå slaktarane. Somme var ikkje ferdige med drifta før dei hadde vore på Kongsbergmarknaden, eller kan hende like til Kristiania.

Sigurd Eikeland har i boka «Driftesmalen» denne definisjonen på kva legegjeting er: «Legegjeting må kallast den mest intensive form for driftetraffikk. Då tek ein fjellviddene for seg, stykke for stykke. Ikkje bare ei gong, men fleire gonger mellom vår og haust. Om våren startar ein på den staden graset er kome lengst, så ber det etter kvart høgare og lenger inn i heia. Fylgjer liksom etter

snøen og har på den måte alltid nytt og friskt gras. Når alt er fare over ei gong, startar ein på same rundturen att. Det vanlege var å liggje ei til to veker på same lega, alt etter den naturlege avgrensing for lega og beiteforhold elles.»



*Figur 5. Sauedrift ved Løken Fagre i Rysstad Vesthei sør for Håhelleren. Foto Knut Jonson Heddi. Frå Setesdalsmuseet.*

Det var alltid vaksne menn som dreiv med legegjeting, gjerne to tri i hop. Losjiet var som vi skjønner svært enkelt; hellerar og anna som kunne byggjast opp med stein. Med å gjete dyra på denne måten hindra dei at rovdyr gjorde alt for stor skade. (På støylane var det som kjent ofte kvinner og born som hadde hovudansvaret.)

Utover på 1900-talet gjekk ein bort frå denne driftsmåten. Frå då av tala dei om «styregjeting, dvs. at dyra fekk gå meir på sjølvstyr, og gjetaren hadde fast tilhald i ei (eller iallfall få) hytter. Det hendte vel framleis at ein heller laut gjere nytta. Derfrå tok han seg ut i terrenget for å sjå etter dyra.

Kyrne forsvann, og sauene overtok beitet. Likevel var det gjerne med ei kyr eller to til mjølking. Ein del av mjølka vart også tappa på flasker, korka godt og grave djupt ned i ei myr. Der kunne den halde seg i årevis.

Driftelegene låg til vanleg i område som låg så langt frå gardane, at det ikkje var lønsemd i å bruke dei til slått. Poenget var såleis å utnytte ressursar som elles hadde lege ubrukte. Driftehandlarane kjøpte opp kyr på etterjølsvinteren og våren, henta dei når det var brukande heiebeite, som regel

kring jonsok, dreiv dei til fjells, og selde dei att om hausten. Dei siste heldt på til ut på 1950-talet. Ein del av transporten vart då gjort med lastebilar og jernbane.

I dag er det berre sauen som vert sendte på høgfjellsbeite. Transporten opp og ned av fjellet vert gjort med bil, men sankinga i heia vert gjort som før med menn og hundar. Dei gamle legene er framleis endestasjonane når flokkane skal fordelast på beitet. For å få dyra til å stoppe opp og roe seg, er beste måten å forlate dei i eit område med saftig beite. Dyra tek seg gjerne turar opp i høgda når det er på det varmaste, og kanskje til andre dalar og lier når graset begynner å verte snaugnaga. Set ein ned same flokken på same stad år etter år, vert den etter kvart etablert som ein base dei stadig vender tilbake til. Det er til god hjelp særleg i ettersankinga, då nokre få dyr i utgangspunktet kan vere spreidde over vide område.



*Figur 6. For ungdommen i etterkrigstida var nok jakt og fiske det mest interessante med heia.  
Foto frå Setesdalsmuseet.*


## 3 BOSSBULEGA

### 3.1 Beliggenhet

Bossbulega ligger rett sørvendt under Botnsfjellet i østenden av Botnsvatn på 1030 moh. Lega ligger ca. 600 meter vest for Bossbu, som er DNTs turisthytte. Det er går en 15 km merka sti inn til turisthytta fra Berg i Valle via Stavskar.

Bossbulega ligger på tynn morene og forvittringsmateriale, mye blokkmark, under Botnsfjellet. Berggrunnen i området består av fattige bergarter med middels- til grovkornet massiv granitt, porfyrgranitt (<http://geo.ngu.no/kart/>). Sølen ligger i hellende terreng ned mot vannet, og området er veldig variert og småkupert med forsenkninger med mindre myrer til opplendte hauger med tørrere vegetasjon.

Et område på 20-25 daa (Figur ) ble befart 9.august 2015. Kartleggingen hva gjelder botanikk fanger opp et representativt planteutvalg fra kartleggingstidspunktet. For å få ei mer fullstendig artsliste burde området kartlegges gjentatte ganger gjennom vekstsesongen.



Figur 7. Flybilde over Bossbulega og avgrenset område (blå strek) som ble befart 09.08.15.

[http://webhotel3.gisline.no/WebInnsyn setesdal/Vis/Internett](http://webhotel3.gisline.no/WebInnsyn/setesdal/Vis/Internett)



*Figur 8. Bossbulega ligger rett sørvendt ned mot østenden av Botnsvatnet. Lega ligger delvis i ur og rasmark med mye forvitningsmateriale. De små engarealene ligger spredt og oppstykkka mellom steinblokker og ur. Landskapet er kupert og variert. Foto ES 09.08.15.*

## 3.2 Kulturminner

### 3.2.1 Heia i Åmli og Berg

Året 1598 er fyrste gongen vi høyrer tale om støylar i dette området. I ei sak mellom Orm Åmli, Tallak Berg og Stein Steinsland, vert det sagt at sistnemnde skal ha sitt støylsbeite i Hylesdalen. Dette er området der bilvegen frå Berg endar og den merka turløypa startar.

Brevet vart lagt fram i ei sak i 1792. Same stad vart det også opplyst at steinslandsbøndene, slik det var for 36 år sidan (dvs. 1756) sat til støyls ved Juvatn, 2½ mil vest i heia. Åmlingane sat ved Bossbu – skriv «Botna» i brevet. Bergsfolket sat ved «Midtfjeldbua», som vel må forståast som området folk i dag til vanleg kallar Augundtjønnan. I området viser tomter etter støylsbuer.

Det er naturleg at ein ser føre seg ein gradvis ekspansjon innover i heia. Først vart nærområda tekne i bruk; heimstøylane som er den lokale nemninga. Alt i 1627 høyrer vi at Tallak Berg hentar 8 lass høy på Kleggestøyl. I ei sak mellom Åmli og Berg frå 1720–21 vert det sagt at Kleggestøyl og Gruvledalen var dei einaste støylane Berg då hadde. Åmli hadde i alt ni støylar.



*Figur 9. Om ein ser seg tilbake rett før ein kjem opp til Rennevatn, får ein eit godt bilete av det området som vart brukt som heimstøylar. Hyledalen går ut mot høgre i biletet. Foto LJ 10.08.15.*

På høgheia ser vi at Berg og Åmli rydda støylar i fellesskap; i små støylsgrender med fleire buer samla. Det gav tryggleik om noko skulle kome på, anten det var brann eller uvêr. Den historiske bakgrunnen for dette er at heile heia så langt kjeldene rekk har lege i felleseige mellom dei to matrikelgardane. I registreringa til Valle bygdebok frå 1982 heiter det: «Ingen veit kva som høyrer til kven. Sameiga er fullstendig. Kvar kan der han vil.»

I heimheia var det også mykje fellesskap til utskiftingane rydda opp på 1970-talet, men der var det gjerne berre ei bu på kvar støyl, og slåtteteigane var fordelte mellom bruka. I Gruvledalen var det ingen buer i seinare tid, og der vart høyet slege og fordela mellom eigarane.


På bakgrunn av det kjeldematerialet som er gjennomgått, er det grunn til å tru at Bossbu og Sveling er etablerte som vanlege støylar tidleg på 1700-talet. Vi meiner også at bae støylane, på grunn av måten dei ligg i livd for nordavinden, i lang tid før det hadde vorte bruka i samanheng med jakt. Hellerane er med og stør opp under same tanken.

Det er også truleg at vi er i eitt av dei heieområda som tidlegast vart teke i bruk til driftegjeting. Gjellebøl fortel at det fyrst kom framande og leigde beite. Det vil i praksis seie folk vestfrå. På 1770 og -80 talet var det også bygdefolk som dreiv i same næringa, og det undrar oss noko at dette ikkje kjem fram i den rettssaka som var om støylane på slutten av 1700-talet. Kjeldene er likevel eintydige på at området har vore i bruk i samband med husdyrhald. Sjølv om dei i nyare tid har vorte brukte som vanlege støylar, omtalar folk dei framleis som «leger».

I boka «Driftesmalen» vert Olav T. Bø (1866-1938) sitert på det han sa til Høgfjellskommisjonen i 1913. Eitt punkt av interesse for oss, er at bøndene tok i bruk åmliheia til beite kring 1820, og at alle bøndene frå då av hadde vanleg støylsdrift i høgheia. I bøkene til Torfinn N. Hageland om hellerar

og driftegjeting, vert dette tolka som om det frå då av berre var støyldrif i området. Vi har ikkje funne kjelder som stør opp om årstala, men veit at det var slik det var til ut på 1950-talet, då bøndene i Åmli og Berg som alle andre slutta med støyldrif og lot driftesauen overtake.

I 1927 sette Kristiansand og Oppland turistforening opp hytte ved Bossvatn, kring 600 meter aust for støylen. I dag er dette ei av dei mest besøkte turisthyttene i området, og er i seinare tid oppgradert med ei stor, flott hytte, og ei like så flott sikringshytte. Fram til støyldrif vart avvikla i 1951, var det mykje kontakt mellom fjellvandarane og støylsfolket. Nøklane til hytta måtte hentast på støylen, og der kunne ein også få kjøpe mjølk.(8)



Figur 10. Den fyrste turisthytta ved Bossvatn frå 1927. Foto frå KOT Årbok 1948.

### 3.2.2 Bossbulega

I den grad det er mogeleg å liggje lunt til på høgheia, ligg Bossbulega sørvendt med det høgreiste Bossfjell som ly mot nordavinden. Det er likevel ikkje lunare enn at alle buene er bardunerte, og vindaugo sikra med lemmer.

Sauegjetarane i området fortel at det er ein av dei stadene der det fyrst vert beite om våren, og ein naturleg stad å stoppe opp med beitedyr. Sauene trekkjer gjerne tilbake til turisthyttene fordi dei ofte får brødmatt og salt av gjestene. Når salta kokevatn vert slått ut på støylsvollen, er det og noko sauen oppsøker.

Støylsvollen ber ikkje preg av kultivering. Nokre få stader ser vi at mindre stein er kasta opp rundt store steinar. Det har også gått med mykje stein til bygginga av dei mektige grunnmurane/fjoskjellarane. Det meste av den er sjølvstyg henta frå nærområdet.

Folk reiste vanlegvis til fjells med kyrne fyrste veka etter jonsok. Med smått og stort kunne det vere ein 6-7 menneseke som budde i Bossbu gjennom sommaren. Sauene fekk gå på sjølvstyr og beite lenger heime, men somme tider trekte dei heilt inn til Bossbu.



Figur 6. Kart der støylsbuer, tufter og heller er markert.



Figur 12. Bossbulega slik ho framstår i dag. På fjellkanten står steinpila Rysen. Foto LJ 09.08.15.



*Figur 7. Bua til Sygard Åmli nærast og Systog Berg bortanfor. I bakgrunnen turishytta.  
Foto LJ 09.08.15.*



*Figur 8*

Heimreisedagen var fast bestemt til 17. august. Deretter var ein to veker i Hylesdalen, før dyra vart tekne heim på garden. Siste året det sat folk i Bossbulega var i 1951.

Det var lang veg inn, og for eksempel var transport av ved ei oppgåve som måtte løysast når det var skareføre om vinteren. Ein klarte å kome fram og tilbake på dagen.



*Figur 9. Olav T. Nomeland med lass med materialar. Foto frå Setesdalsmuseet.*

Mangelen på ved gjorde også støyldriften noko annleis enn mange andre stader. Ein kunne ikkje yste når veden var så brysam å skaffe, så difor vart mjølka i hovudsak brukt til smørproduksjon.

Sjølv om vi har skriftleg dokumentasjon på støyldriften i området frå midten av 1700-talet, er vi i tvil om når støylsbuene vart sette opp. Dei er av varierende alder, men vanskeleg å vurdere frå utsida då alle er enten kledde med sinkplater eller panelte på utsida. I dag står det fire buer.

I samband med registrering til bygdeboka for Valle i 1982, vert det opplyst at det år om anna vart slege høy heilt inn til Bossbu. Det vart sjeldan mykje, og ein passa det gjerne slik at høyet vart henta i samband med at ein køyrde inn ved og anna ein trong.

#### 3.2.2.1 Gnr. 51 Berg bnr. 3 Systog

Dette er fyrste bygningen vi kjem til på støylen. Ein flott bygning bygt på høge murar som i si tid gav rom til fjos. Areal ca. 4,5 x 6 m. Tømra kjerne på ca. 20 m<sup>2</sup>, og eit påbygd inngangsparti/skåle. Bølgjeblekktak. Vegg mot vatnet er bordkledd og måla raud.



Figur 10. Bua til Systog Berg med solid fjoskjellar under. Foto LJ 09.08.15.

Bygningen ser ut til å vere i god stand, og er autentisk. Alder ikkje kjent, men dette kan vere den eldste bygningen på støylen. Denne vurderinga er også på bakgrunn av at det er Systog Berg som disponerer helleren i dag.

### 3.2.2.2 Gnr. 50 Åmli bnr. 9 Sygard


Så langt tilbake ein veit, hadde Sygard Åmli sin støyl ved Augundtjønnan. Kring 1885 vart denne flytta til Nutelega, ein god times gange nord for Bossbu. Bøndene som brukte Nutelega tykte at det var veldig langt vekk, og kring 1920 fekk dei gjerda inne eit område i heimskogen sør for Berg der dyra gjekk om sommaren.

I 1945 fann Hallvard Torjusson i Sygard ut at kyrne skulle til fjells att. Året etter stod støylobua i Bossbu ferdig. Den er i dag kledd med liggjande vestlandskledning, og er den einaste som har torvtak. Måler ca. 6 x 4 m.

Den nye bua har ikkje fjos under. Tvert om er ho sett opp inni det gamle fjuset. Muren på framsida og mot aust er fjerna for å gjeve plass, medan vestvegg og nordvegg står att som leveggar. Ingebjørg Vegestog Homme, meinte at dette kanskje var veggjar som var sette opp for å gjeve ly for vær og vind. Eit foto frå kring 1943 viser at muren då stod der, men ikkje bu.



*Figur 11. Bua til Systog Åmli nærast. Nomeland si bu bak. Foto LJ 09.08.15.*



Figur 12. Kvinner og born ved Bossbu ca. 1943. Murane der Sygard Åmli si bu vart sett opp att i 1946 oppe til venstre. Foto frå Setesdalsmuseet.

### 3.2.2.3 Gnr. 50 bnr. 1 Ryningan

Støylsbua til Ryningan er den einaste som har rotna ned i nyare tid. I området er det framleis nokre morkna stokkar. Dei gamle murane etter fjoskjellaren ligg omtrent midt mellom den nye bua på det bruket, og bua til 50-9. 50-1 Ryningan vart skilt ut frå 50-3 Nistog i 1836. Det er ikkje kjent om Ryningan då overtok ei støylsbu som Nistog hadde hatt, eller bygde opp ei ny sjølv. Truleg er det siste rett, for slik folk minnest det, har Nistog hatt sin støyl i Sveling. Då er det rimeleg å tenke seg at Ryningan sette opp si bu etter at eignedomen vart frådelt.

Bua som står i dag er frå kring 1990, har bølgeblekktak og er bordkledd.



Figur 13. «Bossbuleger. Gunne Aamlid står ved døren.» KOT Årbok 1946.



*Figur 20. Same bua frå nedsida. Foto frå Setesdalsmuseet.*



*Figur 14. Det ligg framleis att trerestar i tufta etter den gamle bua til Ryningan Åmli.  
Foto LJ 09.08.15.*



*Figur 15. Muren etter den gamle bua til Ryningan Åmli med den nye bua bak. Legg også merke til kor godt beitt det er mellom steinane. Foto LJ 09.08.15.*

#### 3.2.2.4 Gnr. 47 Nomeland bnr. 3

Denne eigedomen er delt frå Ryningan, og kjøpt som støyl av 47-3 på Nomeland i 1859. Det er ikkje sannsynleg at det har vore ei bu tidlegare på denne staden. Den er heilt kledd med bølgeblekkplater, og er noko mindre enn dei andre buone, ca. 3,5 x 4 m.

Under bua er eit oppmurt steinfjøs.



*Figur 16. Bua til Nomeland har også solid fjoskjellar under. Gygri kneisar på fjellet bak.  
Foto LJ 09.08.15.*

#### 3.2.2.5 Andre kulturminne på støylen

Bossbulega er ein heller omtrent midt på støylen. Ikkje særleg stor, og med berre nokre få steinar mura rundt opninga. Det er Systog Berg som brukar den, og for tida ligg det nokre materialar og gøymer seg for regn og fuktigheit under. Det er berre plass til ein person i helleren, men rundt i området er det mange andre hol mellom steinane som også kan gjeve ly seg i ein vanskeleg situasjon.



*Figur 17. Sygard Åmli si bu til høgre, og Systog Berg I bakgrunnen. Helleren er under steinen noko til venstre i biletet. Foto LJ 09.08.15.*



*Figur 18. Nærbilte av inngangen til helleren. Det er Systog Berg som har retten til å bruke den.  
Foto LJ 09.08.15.*

## 3.3 Kulturavhengig vegetasjon i Bossbulega

### 3.3.1 Beitetrykk

Arealene rundt de gamle stølsbygningene i Bossbulega er godt nedbeita og dermed i god hevd. Det er tydelig at her finnes det gode beiter som streifende sau gjerne trekker inn til og beiter ned med jevne mellomrom utover sommeren. Beitene er varierte og smakfulle for beitedyra med en rekke ulike arter og vegetasjonstyper. Her finnes alt fra godt nedbeita myrområder og kildevegetasjon til opplendt og tørrere engmark. På mer utilgjengelige flekker innimellom steinblokker vokser lyng og arter fra risheia.

Overveiende er beitetrykket middels til høyt, noe som hindrer gjengroing og forfall, og som samtidig sikrer at konkurransesvake arter kan trives og leve videre i området. Beitetrykket er høyt også helt oppunder fjellrota. Naturbeitene i Bossbulega kan karakteriseres som varierte og i god hevd.



*Figur 19. Bossbulega sett mot øst. Stølen ligger sørvendt til under Botnsfjell, og beitene er begunstiget av tidlig framsmelting om våren og rikt sigevann med oppløste mineraler fra ura. Her finnes frodige beiter som sauene gjerne trekker inn til og beiter godt ned gjentatte ganger gjennom sommeren.*

*Foto ES 09.08.15.*



*Figur 20. Beitetrykket i stølsområdet er middels til stedvis høyt. Sauene beiter godt ned også inntil og mellom steinblokkene. Foto ES 09.08.15*



*Figur 21. Sauene beiter helt opp til berggrotta under Botnsfjell. Her er det derfor godt utvikla engvegetasjon. Foto ES 09.08.15.*

### 3.3.2 Vegetasjon på stølsvoll og opplendte arealer

Vegetasjonen på stølsvollen og tilgrensende, opplendte og godt nedbeita områder består av intermediær-rik engvegetasjon og kan etter kartleggingssystemet Natur i Norge (NiN 2.0) plasseres innen T32-C-4 Intermediær eng med klart hevdpreg, eller etter Fremstad 1997 som G4 frisk fattigeng med dominans av G4c Fjelltimotei -seterrapp utformingen.

På stølsvollen vokser gras- og halvgras som fjellgulaks, fjelltimotei, sauesvingel, rødsvingel, engkvein, sølvbunke, blåtopp, tunrapp, engrapp, finnskjegg, seterfrytle, stivstarr, slåttestarr, seterstarr. Stedvis dominerer finnskjegg, stivstarr og sølvbunke. Av urter finnes bl.a. blåklokke, fjellmarikåpe, ryllik, engsyre, småsyre, fjellløvetann, glattveronika, fjellveronika.

Flere av de nevnte artene over er i utgangspunktet lavlandsarter som har fulgt med beitedyrene opp fra bygda og har ved generasjoners, tradisjonell utmarksbeiting derved utvidet sitt økologiske utbredelsesområde. Dette gjelder til eksempel ryllik, blåklokke, tunrapp, engsyre og snauveronika. I Bossbulega vokser snauveronika bl.a. i de godt nedbeita skarene oppunder fjellrota på 1040-1060 moh. Her er den ved høydegrensa til arten i Setesdalsheiene. Snauveronika favoriseres spesielt av tråkkslitasjen fra beitedyrene, der frøene i tråkket lett kommer i kontakt med jorda og får mindre konkurranse ved spiring og videre vekst. Snauveronika er til sammenligning funnet på 1040 moh i Bykle (Åsen & Lie 2015). Tunrapp er også en typisk art som har blitt spredt til høyereliggende områder med husdyra. Den vokser bl.a. i relativt store mengder ved sankekveet på stølsvollen.

I området finnes og en rekke fjellplanter som favoriseres av kulturbruken. Beitinga gjør det enklere for små, konkurransesvake arter å trives da beitinga hindrer større arter i å vokse opp og utskygge de små. Fjellplanter som trives i naturbeitemarka er til eksempel harerug, fjellmarikåpe, fjelltimotei, fjellgulaks, fjellveronika.

I lavlandet har sølvbunke ofte høyt innhold av kiselstoffer og vrakes av beitedyrene, spesielt av sauene. På fjellet derimot ser en ofte at dyra, også sauene, beiter på den.



Figur 22. To fjellplanter som favoriseres av beiting. t.v. fjellmarikåpe (*Alchemilla alpina*) og t.h. fjelltimotei (*Phleum alpinum*). Foto ES.



Figur 30. I Bossbulega finnes flere kulturavhengige engarter som er spredd med beitebruken til høyreliggende fjell- og utmarksområder. Oppunder fjellrota til Botsfjell på ca 1040 moh vokser bl.a ryllik (*Achillea millefolium*), sølvbunke (*Deschampsia cespitosa cespitosa*) og engrapp (*Poa pratensis pratensis*). Foto ES 09.08.15



Figur 23. Snauveronika (*Veronica serpyllifolia*) vokser i Bossbulega på 1060 moh. Dette er trolig ny kjent høydegrense for arten i Setesdalsheiene. Illustrasjonsfoto Per Arvid Åsen.



*Figur 24. I Bossbulega beites sølvbunka godt ned av sauen. Foto ES 09.08.15*



*Figur 25. Beitetrykket er høyt, og selv områder dominert av sølvbunke er godt nedbeita. Her ligger opprykka fjorårsskudd som sauen har vraka igjen oppå grasmatta. Foto ES 09.08.15.*

På torvtakene på flere av stølshusa vokser tørketålende vegetasjon med et relativt stort innslag av lav og mose i tillegg til tørketålende planter som sauesvingel, stivstarr, småsyre og småsmelle (se foto nedenfor) .



Figur 26. På torvtakene vokser tørketålende arter som sauesvingel, småsyre, stivstarr og ulike lavararter som gulskjerpe (*Cetraria cucullata*), lys- og grå reinlav (hvh *Cladonia arbuscula* og *C. rangiferina*), og diverse begerlav bl.a. kornbrunbeger (*C. pyxidata* agg.) og tørketålende moser som einerbjørnemose (*Polytrichum juniperinum*). Foto ES 09.08.15.

### 3.3.3 Vegetasjon på myr og rundt kilder og bekker

Stølsområdet i Bossbulega er kupert og variert. I forsenkninger og på flater nede ved vannet er det oppkomme av grunnvann og det forekommer mindre arealer med relativt godt beita myr og kildevegetasjon. Dette kan etter NiN 2.0 karakteriseres som Intermediær semi-naturlig myr V9-C-2, eller L2 Intermediær fastmattemyr i Fremstad 1997. Kildedragene kan karakteriseres som N1 Fattigkilde (Fremstad 1997).

På fuktigere mark langs myr-, kilde- og bekkekanter vokser bl.a. arter som gråstarr, tettegras, stjernesildre, myrfiol, brearve, setermjølke, slåtestarr, finnskjegg, multe, tepperot, torvull og duskull. Også disse arealene, spesielt kantene beites godt ned. Dette medfører at myrområdene får et jevnt og flatt preg uten for mye tuer. Dette gjelder også myras møte med fastmark. Om ikke beitingen hadde vært så markant ville til eksempel kantene hatt mer busker og høyvokste starr.



*Figur 27. Bildet viser et mindre myrområde langs to mindre bekker eller sig i Bossbulega. I bakgrunnen, inn mot stor stein, ses et sankekve. Foto ES 08.09.15.*



*Figur 28. Brearve (*Cerastium cerastoides*) langs fuktig sig i myr i Bossbulega. Foto ES 09.08.15*

### 3.3.4 Vegetasjon i tilgrensende rishei

Det er nesten forunderlig hvordan vegetasjonen raskt endrer karakter når en beveger seg ut av det nære stølsområdet. I tilgrensende områder med mindre beitepress er det risheia som overtar med dominans av busker og lyngarter som blåbær, fjellkrekling, røsslyng, blokkebær, tyttebær, museøre, einer, smyle, skrubbær, skogstjerne, lappvier for å nevne noen. Dette kan karakteriseres Intermediær Fjell-lynghei T4-C5 i NiN 2.0. og som S3 Blåbær-blålynghei og kreklinghei (Fremstad 1997).

Det beites også i risheia, spesielt på gras og urter og lyng i tidlig utviklingsfase. Beitetrykket er imidlertid ikke større enn at lyngen fortsatt trives og har gode kår her.



Figur 29. Risheia med en rekke lyng- og busker overtar der beitetrykket avtar. Foto ES 09.08.15.

### 3.3.5 Vurdering

Vegetasjonen i Bossbulega er variert og består av kulturavhengige naturtyper i god til meget god hevd. Dette er middels rik (intermediær), semi-naturlig naturbeitevegetasjon både på tørrere, opplendt mark, fuktigere mark til myr og kildevegetasjon. Det seminaturlige stølsområdet er i hovedsak omringet av beitepåvirket rishei. Ut fra stor variasjon i naturgitte forhold på korte avstander, kombinert med at området har lang kontinuitet i beitehevd med fortsatt god nedbeiting, kan arealene i Bossbulega regnes som relativt artsrike og verdifulle. Det er ikke spor etter gjødsling med tilført gjødsel i området. Det er lite forfall og gjengroing. Passe godt beitetrykk. Ingen registrerte fremmede arter, samt ubetydelig påvirkning fra tekniske inngrep og slitasje.

## 3.4 Aktuelle skjøtsels og restaureringstiltak i Bossbulega

### 3.4.1 Skjøtsel kulturminne

Geografisk plassering gjør at Bossbulega ikke er utsatt for ytre påvirkning av annet enn vêr, vind og beitedyr. Når det er sagt, er det også rett å understreke at vêret til tider kan være ganske heftig. Det eneste som kan skje med kulturminnene er likevel at stein flytter på seg/blir flyttet på av fjellvandrere.

Vi vurderer det ikke som en løsning å forsøke å rekonstruere murer og anna tilbake til slik det en gang var. Selvsagt kan stein som tydeleg har ramla ned/sklidd ut med fordel legges tilbake på plass.

### 3.4.2 Skjøtsel biomangfold

Stølslandskapet på de sentrale delene av Bossbulega er i god hevd takket være god nedbeiting ved at mange sau streifer innom området. Det forekommer i dag semi-naturlig beitemark innen store deler av det undersøkte området.

Selv naturbeiter i hevd må ryddes/vedlikeholdes fra tid til annen. Det anbefales derfor følgende restaureringstiltak:

- Rydde ekspanderende rishei/einer/dvergbjørkratt. En bør påse at nåværende areal med naturbeitemark/grasmark rundt stølsvoll og bygninger ikke blir mindre i utstrekning ved at tilgrensende rishei med blåbær, blokkebær fjellkrekling mm får ekspandere inn i grasmarka. Når dette skjer kan;
  - Lyng/einer fjernes manuelt ved rydding og /eller i kombinasjon med;
  - Svi/brenne flekker med ekspandert rishei når snøen har trukket seg tilbake på vårparten der en ønsker å få tilbake grasvegetasjonen og dermed mer beite.
- Svi daugras med sølvbunke og finnskjegg. Det finnes flekker med dominans av sølvbunke og finnskjegg i naturbeitemarka. Til tross for at sølvbunke beites noe, er felt med mye sølvbunke ofte tuepreget, og disse gamle tuene hindrer en del andre gode beiteplanter, og dermed et større artsmangfold, å få plass. Det samme gjelder finnskjegg. Siden disse to grasene i liten grad beites, ekspanderer de på bekostning av andre arter. Finnskjegg-sølvbunkeflekkene bør derfor fra tid til annen få litt «motstand», og bør holdes i sjakk med sviing på vårparten. Sviing er generelt et godt restaureringstiltak for fattige til intermediære beiter i forfall, da det frigis en del næringsstoffer lagret i strølag og humus samt at asken gir en basevirkning på sur mark. Dette er en revitalisering av beitene, og gir også bl.a. økt smaklighet for dyra.
- Fjerning av søppel: Det forekommer en del søppel med rustne hermetikkbokser mm. Det anbefales at disse fjernes, da de kan skade dyra.



*Figur 30. Det er gjenlagt en del gammel søppel med rustne blikkbokser mm. Dette bør det ryddes opp i da det kan skade dyra. Foto ES 09.08.15*

Aktuelle årlige skjøtselstiltak:

Beiting: Det viktigste vil være å opprettholde beitetrykket, slik at dagens areal med naturbeite holdes i god hevd. Det er derfor viktig at heiesjefene for Rogalandssauen fortsetter å lede om lag samme antall sau i denne retningen som tidligere.

### 3.4.3 Formidling

Informasjon og kunnskap om Bossbu, Sveling og interessante steder langs veien bearbeides videre med sikte på tilrettelegging for digital formidling. Det bør søkes samarbeid med DNT Sør, slik at det utstyret som behøves til formidling kan plasseres innendørs. Der vil det også være mulig å få tilgang til elektrisk strøm.

Hvilken løsning som velges/egner seg må avgjøres i samarbeid med personer som innehar kompetanse på området.

Informasjon om løype og mulighet til opplevelser undervegs, kan også tilrettelegges for en app på mobiltelefon. Det er ikke mobildekning på store deler av strekningen, og i så fall må denne kunne lastes ned og lagres på telefonen.

Alternativt kan en slik informasjon printes ut på papir, og tas med i bagasjen.


## 4 SVELING

### 4.1 Beliggenhet

Sveling ligger rett sørvendt til på 1070 moh under fjellet Det høge. Turistløypa mellom Stavskar og Bossbu passerer Svelings om lag halvveis etter 4 km.

Svelings ligger delvis på fast fjell og på relativt tynt morenemateriale samt noe forvittringsmateriale fra fjellet bak og elveavsetninger fra elva som renner forbi i nedkant. Berggrunnen i området består av fattige bergarter med øyegneis, granitt/ foliert granitt (<http://geo.ngu.no/kart/>). Stølen ligger delvis på en forhøyning, elveslette, og området er veldig variert og småkupert med forsenkninger med mindre myrer, til opplendte hauger med tørrere vegetasjon. I nedkant sørvest av stølen ligger Svelingsløkin et større myrområde.

Et område på ca. 15 daa (Figur 31) ble befart 10.august 2015.



Figur 31. Flybilde over Sveling med avmerka område som ble befart 10.08.15.

Kart: [http://webhotel3.gisline.no/WebInnsyn\\_setesdal/Vis/Internett](http://webhotel3.gisline.no/WebInnsyn_setesdal/Vis/Internett)



*Figur 40. Sveling ligger sørvendt til i lia mellom fjellet Det høge og elva og myrområdet Svelingsløkin. I bakgrunnen skimtar ein Bossvatn. Foto LJ 10.08.15.*

## 4.2 Kulturminner

Mykje av det som er sagt om Bossbu gjeld også for Sveling. Støylen var i bruk i tilsvarende tidsrom som Bossbulega.

Sveling er derimot ikkje ein støyl sauene vert drivne til, og sette ned. Hit kjem dei etter kvart som beitet vert oppete andre stader. Den botaniske undersøkinga viser også at det ikkje er beitt like hardt som rundt Bossbu, og at lyngen et seg meir inn på den gamle støylsvollen.

Det siste stykket av vegen før Sveling går gjennom eit dalsøkk. Når ein nærmar seg støylen ser ein ut over ei stor fjellvidde med Bossvatn og fjella bak som kulisser i bakgrunnen.

Samanlikning av støylen i dag med gamle foto viser at støylen ikkje har att like mykje av det gamle, opphavlege preget som Bossbu. Alle fjosa er fjerna, og buene er ombygde eller borte.



Figur 32. Sveling med markering av buer, heller og gamal tuft.



Figur 33. Sveling med dei gamle støylsbuene. Foto frå Setesdalsmuseet.

Også Sveling ligg under ein kraftig fjellformasjon som gjev ly, og som ligg sørvendt og difor er ein plass der snøen tidleg må vike for spirande gras. Det er meir støylsvoll i Sveling enn i Bossbu, meir flate. Det er likevel mest ingen steinrøysar å sjå, og mest ikkje oppkasta steinar rundt dei større jordfaste steinane. Også her er landskapet tilsynelatande urørt og ukultivert. Men buene har solide steinmurar som fortel at også her har det vorte fjerna mykje stein frå støylsvollen.

#### 4.2.1.1 Gnr. 50 Åmli bnr. 3 Nistog

Den gamle støylsbua er vekk. Murane viser at den har vore ganske stor på ca. 6 x 7,5 m med fjøs under. Støylen var i ein lengre periode ikkje i bruk av eigaren, og vart leigd vekk til systema og hennar familie. Etter kvart kom bua til forfall, og den gamle bua vart erstatta med ei mindre jaktbu på ca. 6 x 4,5 m.

Dette er ei vanleg reisverksbu med gråmåla kledning og torv på taket. Når ein står ved muren etter gamlebua, ligg den litt høgare oppe til høgare.

Vi meiner at dette må ha vore den eldste støylsbua. Den ligg slik til at det var mogeleg å byggje fjøs under – dei andre to buene kunne ikkje få til det – og det er denne som har tilknytning til den gamle helleren.



Figur 34. Tufta etter den gamle støylsbua til Nistog Åmli. Store mengder stein er brukt. Bakanfor ser ein Heimigard Berg si bu til venstre, og Nordstog Berg til høgre. Foto LJ 10.08.15,



Figur 35. Den nye bua til Nistog Åmli, med inngangen til helleren i forgrunnen. Foto Lj 10.08.15,

#### 4.2.1.2 Gnr. 51 Berg bnr. 4 Nordstog

Eigedomen bestod av støylsbu med eit eige fjos på sida. Fjoset vart teke ned seinast på 1960-talet, og sjølve bua har fått eit tilbygg mot vest. Ein del av steinen frå grunnmuren til fjoset er tydelegvis fjerna, men tomta syner likevel godt i terrenget.

Bua er kledd med breie panelbord og har torv på taket, og ser velhalden ut.

#### 4.2.1.3 Gnr. 51 Berg bnr. 1 Heimigard

Også her var det to separate bygningar; eitt til folk og eitt til dyr. Det kan sjå ut som båe bygningane vart tekne ned. Ny grunnmur vart bygt opp, mellom anna med bruk av sement, og støylsbua sett opp att. Rundt buveggen ser ein merke etter gamle murar som forsvinn inn under den bua som står der no.

Sjølve bua er i dag heilt innekledd med sinkplater og panelt gavlvegg mot aust, slik at det ikkje er mogeleg å seie meir om sjølve bygningen utifrå det ein kan sjå frå utsida.



*Figur 36. Bua til Heimigard Berg er heilt kledd med sinkplater til vern mot det harde vêret.  
Foto LJ 10.08.15.*

#### 4.2.1.4 Andre kulturminne på støylen

Den største og flottaste av hellerane langs turistløypa ligg i Sveling. Når ein kjem ned mot støylen, ligg den lett synleg innunder fjellet med tydeleg oppmura leveggar inn mot helleren, som i dag er stengt med ei enkel grind.

Det ligg steinar framfor sjølve opninga som kan sjå ut som har rast ned, men det kan også vere lagt der for å unngå at sauer ikkje så lett skal kome til.

I denne helleren vil det vere mogeleg å overnatte for to personar.



*Figur 46. All steinen rund helleren viser at det er lagt ned mykje arbeid med tilrettelegging. I forkant av helleren ser vi lyng som viser eit generelt lågare beitetrykk i Sveling samanlikna med Bossbulega. Foto LJ10.08.15.*

## 4.3 Kulturavhengig vegetasjon i Sveling

### 4.3.1 Beitetrykk

Beitetrykket i Sveling er lavere enn i Bossbulega (Figur). Dette kan ses ved at det forekommer flekker med rishei med diverse ulike lyngarter og småbusker også inne på stølsvollområdet, samt at det forekommer mer tuer med daugras og mer av årets gras og urter som har fått anledning til å blomstre og sette frø (Figur 37).

Beitetrykket varierer likevel relativt mye, da opplendte rygger med en del gode beiteplanter er godt nedbeita. Beitetrykket kan på slike områder karakteriseres som middels til høyt. På disse områdene har og sølvbunka blitt beita på (Figur 38).



*Figur 37. Beitetrykket i Sveling er lavere sammenlignet med Bossbulega. Det finnes bl.a. en del daugras med gamle sølvbunke- og finnskjeggtuer i forsenkninger og fuktigere søkk.*

*Foto ES 10.08.15.*



*Figur 38. Nedbeitinga er best på rygger og opplendte arealer som ses som grønnere, grasrike områder.*

*Foto ES 10.08.15.*

### 4.3.2 Vegetasjon på stølsvoll og opplendte arealer

Den godt nedbeita vegetasjonen på rygger og opplendte arealer på stølsvollen består av samme vegetasjonstype som på naturbeitearealene i Bossbulega, dvs. intermediær-rik engvegetasjon (T32-C-4 Intermediær eng med klart hevdpreg jf. NiN 2.0 ).

På disse arealene vokser gras- og halvgras som fjellgulaks, fjelltimotei, sauesvingel, rødsvingel, engkvein, sølvbunke, blåtopp, tunrapp, engrapp, finnskjegg, seterfrytle, aksfrytle, stivstarr, slåttestarr, seterstarr, bjønnskjegg. Av urter finnes bl.a. myrfiol, brearve, stjernesildre, blåklokke, fjellmarikåpe, ryllik, setersyre, småsyre, setermjølke.

På rabber og høyder vokser rabbesiv, stivstarr, museøre og ulike lavarter som islandslav, og lys og grå reinlav.

Innimellom steiner hvor dyra i mindre grad beiter vokser bl.a hestespreng, fjellburkne, blåbær, blokkeær, fjellkrekling.



Figur 39. T.v. stivstarr (*Carex bigelowii*) vokste i store mengder på stølsvollen i Sveling. T.h. setersyre (*Rumex alpestris lapponicus*) . Foto ES 10.08.15.

### 4.3.3 Vegetasjon på myr

Også rundt Sveling er landskapet småkupert og variert. I forsenkninger og på lavereliggende flater forekommer myrarealer med noe spor etter beite. Myrene er fra fastmatte til mykmatteprega og kan etter NiN 2.0 karakteriseres som Intermediær semi-naturlig myr V9-C-2, eller L2 Intermediær fastmattemyr til L3 intermediær mykmatte/løsbunn i Fremstad 1997.

Her vokser bl.a. arter som gråstarr, stivstarr, slåttestarr, lusegras, myrfiol, brearve, finnskjegg, multe, tepperot, museøre, krypvier, torvull og duskull. På større områder kan duskull dominere.



Figur 40. Myr i Sveling. Til tross for kartlegging 10.august ligger snøen fortsatt på deler av myra. I forgrunnen dominerer duskmyrull (*Eriophorum angustifolium*). Foto ES 10.08.15.

#### 4.3.4 Rischeivegetasjon

Lyngmark dominerer større arealer i Sveling sammenlignet med Bossbulega, også de nære stølsvollområdene (se Figur 41), med dominans av busker og lyngarter som blåbær, blokkebær, tyttebær, fjellkrekling, røsslyng, fjellmarikåpe, småsmelle, smyle, lys- og grå reinlav. Rischei har stedvis noe tørrere innslag der lav kan være relativt framtrødende. Dette kan karakteriseres Intermediær Fjell-lynghei T4-C5 til Intermediær Fjell-lavhei T4-C6 i NiN 2.0. og som S3 Blåbær-blålynghei og kreklinghei (Fremstad 1997).



Figur 41. Lyngmark dominerer store deler av arealene rundt Sveling. Foto ES 10.08.15

## 4.4 Vurdering

Den kulturavhengige beitevegetasjonen i Sveling er relativt variert, men preges av for lavt beitetrykk over tid slik at forfall og gjengroing ekspanderer med at risheia tar over. Det forekommer intermedier, semi-naturlig naturbeitevegetasjon både på tørrere opplendt mark, og på fuktigere mark til beiteprega myr. Området kan karakteriseres som variert og middels artsrikt. Det er ikke spor etter gjødsling med tilført gjødsel, samt ubetydelig påvirkning fra tekniske inngrep og slitasje (sti).

## 4.5 Aktuelle skjøtsels og restaureringstiltak i Sveling

### 4.5.1 Skjøtsel kulturminne

Se pkt-3.4.1. Skjøtsel vil være det samme på Sveling som på Bossbulega.

### 4.5.2 Skjøtsel biomangfold

Stølslandskapet på Sveling er ikke i så god hevd som på Bossbulega, mye pga. lavere beitetrykk. Færre sau streifer innom. Det forekommer likevel en del semi-naturlig beitemark innen store deler av det undersøkte området, men en del er i forfall med tuedominans av finnskjegg/sølvbunke samt at lyngen begynner å gjøre seg gjeldende.

Det foreslås derfor følgende restaureringstiltak.:

- Rydde ekspanderende rishei/einer/dvergbjørkkraut. En bør påse at nåværende areal med naturbeitemark/grasmark rundt stølsvoll og bygninger ikke blir mindre i utstrekning:
  - Lyng/einer/daugras/tuevegetasjon fjernes manuelt ved rydding og /eller i kombinasjon med;
  - Svi/brenne flekker når snøen har trukket seg tilbake på vårparten der en ønsker å få tilbake grasvegetasjonen og dermed mer beite.
- Svi daugras med sølvbunke og finnskjegg. Det finnes flekker med dominans av sølvbunke og finnskjegg i naturbeitemarka (jf Bossbulega).

Årlig skjøtsel ved beiting:

- Det ville være en fordel om beitetrykket økes, dvs at en er bevisst på å føre/lede dyr inn til området. Ved sviing/rydding vil kvaliteten på beitet øke, og området blir igjen attraktivt for beitedyrene.

#### 4.5.3 Formidling

Se punkt 3.4.3. Da det ikke er mulighet for å plassere eventuelt utstyr innendørs i Sveling, og det heller ikke er mulig å skaffe elektrisk strøm uten en omfattende investering, forslår vi at det som gjelder formidling omkring Sveling søkes innpasset i et samarbeid med DNTSør i Bossbu.

## 5 LANGS VEGEN FRA BERG TIL BOSSBU

### 5.1 Registreringer på vegen mellom Berg og Bossbu

Det vart gjort sporadiske registreringar langs turistløypa frå parkeringsplassen ved Stakkebakke og inn til Bossbu.

#### 5.1.1 Stakkebakke, nedanfor parkeringsplass

Der turen startar, ved bommen inn til Hyledalen, står det ein liten stein med initialane «DOS 1689». Ingen veit i dag kvifor steinen står der, og kven denne mannen (Daniel Olsson?) var. Folk har tenkt at det kanskje er ein som har sett livet til der ein gong for 330 år sidan.

På oppsida av parkeringsplassen ligg småbruket Stakkebakke, som var i drift nokre få år fram til 1924. Høgda over havet er ca. 645 m, og markerer yttergrensa for den faste busetjinga i nyare tid.



Figur 42. “DOS 1689” er det rissa inn i steinen ved Stakkebakke. Ingen veit lenger kvifor steinen står der, og kven initialane tilhøyrer. Foto LJ 1986. Frå Setesdalsmuseet.

#### 5.1.2 Hyledalen

Viktig støylsområde, heimstøylar. I høgmiddelalderen var det med stor sannsynlegheit gardar med fast busetjing i Hyledalen.

### 5.1.3 Burak

Fra stien når en passerer Burak kan en se noen store gule blomster lyse opp i landskapet. Blomstene ligner på prestekrager bare at disse her er helt gule og noe større. Dette er solblom (*Arnica montana*), eller tobakksblom som mange i Setesdal kaller den. Planta er ikke så veldig vanlig å møte på lenger, da den de seinere årene har gått sterkt tilbake. Solblom står på den norske rødlista, med status sårbar, VU. I Setesdal finnes fortsatt en del forekomster av arten, og en regner Setesdal for å være et av kjerneområdene for plantas utbredelse.

Solblommen er en kulturavhengig art, og regnes som en kjennetegnende art for semi-naturlig eng. Den vokser på Burak fordi dette er et område som tidligere ble slått og beitet. Nå er det kun noen sau som streifer innom og beiter rundt i bjørkeskogen rundt der den vokser. Denne planta er m.a.o. et levende kulturminne som forteller mye om historien i landskapet. På sikt vil den trues av gjengroingen om en ikke aktivt ønsker å holde området mer åpent.

Solblom er en flerårig, langlevd art som blomstrer i juli-august i Setesdal. Den har 2-5 cm lange kraftige, krypende jordstengler. De fleste bladene sitter i en basal rosett, i tillegg finnes få parvise stengelblad. Solblom overvintrer med store knopper i enden av jordstenglene. Om våren dannes nye bladrosetter, hvorav noen produserer en stengel som kan bli opptil 50 cm høy. Hver stengel har en eller et fåtall store blomsterkorger. Solblom formerer seg både ved frø og vegetativt ved hjelp av jordstenglene. Frøene spirer på seinsommeren og høsten eller neste vår. Frøene greier ikke å spire hvis vegetasjonen er for høy eller tett. Både slått og beite forbedrer derfor solblommens spiremuligheter. Solblommen er avhengig av lysåpne arealer for å blomstre. Gror arealene igjen, er det vanlig at planta kun observeres med sterile bladrosetter nær bakken. Det er vanskelig å bruke betegnelsen "individer" av solblom, da blomstrende og sterile rosetter ofte er vokst opp fra den samme rota i bakken og har dermed identisk arvemateriale.

Solblomplanta utgjør i seg selv et eget minisamfunn med en rekke arter og organismer tilknyttet. Flere av disse artene er sjeldne, slik som solblommen selv, siden de har sitt levested kun i og på denne planta. Selve blomsten på toppen av bladstilken tiltrekker solblombåndflue og solblommalmveps, som kun er knyttet til solblom. Solblommalmvepsen utvikler seg som parasitt på solblombåndflua. Denne malmvepsen er en av tre parasittveps som går på solblombåndflua. På bladrosetten ved bakken finner andre insekter et levested; for eksempel solblomspinnmøll (rødlisteart med status EN, -sterkt truet), minerfluer, viklere og parasittveps. Dessuten lever solblom i samarbeid med en underjordisk mikroskopisk sopp, såkalt endomykorrhiza eller sopprot, og får på den måten økt tilgang på vann og næringsstoffer.



Figur 43. Solblommen (*Arnica montana*) har en varm og sterkt gul farge. I Setesdal blir den ofte kalt tobakksblom, og bladene har tidligere blitt tørket og brukt til tobakk. Foto ES.



Figur 44. Solblom (*Arnica montana*) ved Burak. I Setesdal kalles planta ofte tobakksblom. Foto ES.

#### 5.1.4 Burakkjelda

Kjelde med særst godt vatn. I Jol i Setesdal for 1982 og 1988 har Margit Dale dikta om Burakkjelda.

#### 5.1.5 Tjovetjønni

Ikkje langt frå turistløypa, og like før ein kjem til Rennevatn, ligg der eit lite tjern som vert kalla Tjovetjønni. Segna fortel at det hadde vore tjuvar i Åmli og stole alt bruesølvvet. Åsmund Berg var lensmann, og sette etter. Like før han skulle take dei fekk dei kasta sylvet uti tjernet, og der ligg det enno.

#### 5.1.6 Rennevatn

Eit stykke nord på Rennevasstrondi er der ein heller med ein stor stein like i vegkanten. Tradisjonen fortel at ei kvinne døydde inne i heia. Ho var stor og tung, og då dei skulle frakte henne heim til dalen orka ikkje hesten meir då dei kom til Rennevatn. Ho vart lagt henne inn under helleren, og låg der til dei kunne hente henne att.



*Figur 45. Steinen ved Rennevatn der kvinna vart lagd innunder. Foto ES 09.08.15.*




*Figur 46. Stavskarhytta med den bratte Staubrokke i bakgrunnen. Kanskje det tyngste stykket på vegen inn til Bossbu. Til høgre, men utanfor biletet, ligg Svorvarnuten. Foto LJ 10.08.15.*

### 5.1.7 Stavskar

Bua vart opphavelig sett opp på 1920-talet til bruk i samband med sauesanking. Vart seinare overteke av turistforeninga, og vart ombygd i 2004. Har 10 sengeplassar.

Fotturistar brukar sjølvsagt den merkte løypa opp det bratte. For den som skal ha med seg lass – før var det med hest, i dag er det med snøscooter – legg gjerne vegen om Slettedalen. Det er mogeleg at det før var mogeleg å kome opp til Stavbrokke med kløvhet på vestsida av turistløypa, men at stein har rast ned og sperra dette i seinare tid.



*Figur 47. Ingebjørg Vegestog Homme med steinkrossen oppå Stavbrokke.*

### 5.1.8 Stavbrokke

Like over toppen på Stavbrokke er der ein stor stein like i vegkanten. Innmed denne ligg der ein stor steinkross i lyngen. Den er bygt opp av mindre stein. Om den seier soga at fire jærbruar var på saueleiting, og at dei fraus dei ihel på den staden.

### 5.1.9 Svorvarnuten

Svorvaren eller Svorvarnuten (1 378 moh) er eit av dei beste utsiktspunkta i Setesdalsheiene.

Svorvaren var ein drøymenut. I boka «I Fjeldbygderne» frå 1868 fortel forfattaren Søegaard at «der en Miils Vei ind i Vestfjeldet er en Nut, der i afstand ser du som en svarvet Kegel, hvoraf den ogsaa har faaet sit Namn. Naar man efter en trættende Gang har naaet dens Spidse og der lægger sig til at sove, ser man i Drømme den, som engang i Tiden blive Ens Ægtemage.»



Figur 48. Svorvarnuten til høgre, med Stavskarhytta og Rennevatn nede i dalen. Foto LJ 10.08.15.



Figur 49. Ungdom frå Valle og Hylestad samla på Svorvarnuten i 1923. Tradisjonen sa at dersom ein la seg til å sove p Svorvarnuten, ville ein drøyme om den som skulle verte ektemake. Foto Knut Jonson Heddi. Frå Setesdalsmuseet.

### 5.1.10 Prestvaren og Prestvarfonni

I uvær og skodde er vegane vanskelege å finne. I dag er løypa merkt med raude T-ar og småvardar så tett at ein ikkje treng sleppe den eine av syne før den andre dukkar fram. I gamle dagar var det



Figur 50. Sigurd E. Berg ved Prestvaren med fonna nedanfor. Frå Setesdalsmuseet.



Figur 51. Når ein er med Prestvaren, er vegen trødd djupt ned i auren. Over fonna forsvinn den heilt. I dårleg vêr er varden til umistande hjelp. Foto LJ 10.08.15.

inga turistforening som tok seg av det arbeidet. Derimot var folk så vande med å gå i fjellet at det var sjeldan nokon gjekk seg bort.

Prestvaren var eit merke på vegen som ein måtte forbi om ein ikkje skulle kome på avvegar. Først måtte ein krysse Prestvarfonni, der vegen forsvinn i snøen. Prestvaren syner kor du kan finne den att. Varden er bygt ganske høg, og har dessutan ein glugg – ein «gluggevarde». Gjennom gluggen kunne ein orientere seg om retninga vidare.

### 5.1.11 Fiskespranget

Den tida dei sat på støylen var det mykje ferdsel opp og ned av heia. Mjølkeprodukt måtte fraktast ned, anten på hesterygg eller på mannerygg. Det var tungt, og sikkert også noko kjedeleg å vandre slik.

Folk var spreke, og nokre var sprekare enn andre. Margit Såvesdtr. Åmli (1837-1907) var ei kvinne utanom det vanlege. Ein gong var ho på veg heim av støylen med ein tung fiskeholk. Med den på ryggen hoppa ho over ein stad der vegen kryssar tilnærma ope vatn. Slik var det namnet Fiskepranget kom til.



*Figur 52. Fiskespranget. Ein måtte vere sprek om ein skulle hoppe over her utan å verte våt på føtene – også forutan fiskeholk. Foto LJ 10.08.2015.*

### 5.1.12 Låghedderen

På nordsida av Lågheddervatnet står ei lita bu som Eivind H. Berg fekk lov å setje opp og ha i samband med saueleiting. Noko opp i bakken er ein liten og dårleg heller, men det gjekk an å søkje ly der når det trongs.



Figur 53. Bua ved Lågheddervatnet med helleren innfelt. Foto LJ 10.08.15.

### 5.1.13 Kolsvassdyret

Ein god kilometer sør for turisthytta ligg Kolsvatn, og der heldt kolsvassdyret til. Alle ungene var redde for det og våga aldri å vasse der. Folk kunne av og til sjå ryggen på det imellom bølgiene.

Gamalt or Sættesdal 2-280: «Kolsvassglipen helt til i Kollsvatnet, eit fiskevatn på vestheidi; dei hev set hovudet av og til, og det likjest eit hestehovud. Han fer so fort, at vatnet sprutar plent som av «Lystrestein» utanfyre Bø. Eingong la dei eit daudt fyl innmed ei vik – dei vilde sjå kva han vann; um morgonen var det drege ut i vatnet. Dei fekk ein gong ein heljeleg stor fisk, og med den hadde kolsvassglipen vore til: Velet var plent biti inni, plent som det var klypt utor.»

### 5.1.14 Gygri og Rysen

Når ein er med Bossbulega er det to steinformasjonar som er veldig tydelege i fjellet. Nærast støylen er Gygri, som kneisar ut over kanten. Noko lenger borte er Rysen; meir som ei steinpil rett opp frå fjellet. (Gygri og Rysen kan enkelt oversetjast til trollkjerringa og trollet.) Sjå fig. 12 og 23.



Figur 54. Kolsvatn med Bossvatn i høgre biletkant. Der heldt Kolsvassglipen til. Foto Widerøe 1947. Frå Setesdalsmuseet.

### 5.1.15 Olav Ljosådalen og trollkjerringi

Soga om då Olav (Torsteinsson Ørnefjell 1794-1868) kom til Bossbu og traff ei trollkjerring.

Olav Ljosådalen var i dyreheidi. Då gjordest der på so fælt eit uver. Og notti kom på. Båsbustøylen var den einaste støylen der var, midt i ville heidi. Og der til tok han, beinaste leidi. Båsbudi var den beste bud på støylen; so leita han upp den og gjorde eld på. Skidene reiste han upp med dyri. Som han sat, vart dei kasta ned so hardt, at han tenkte dei rauk i smildr. Men då han glåpte, stod dei plent som han hadde reist dei upp. Og han sette seg til att. Då vart dei kasta andre venda, og han la ut, men ingen hadde lea dei. Tridje venda ensa han det aldri, barre sat. Då sleit det i klinka, og eit kvende kom og sette seg med eldstaden. Dei sat og glåpte på kvarandre, han på den eine og ho på den andre sessen. So la han seg på hall sossi, på olbogen, og då la ho seg på hall likeins. Men so kasta han ein braudmul på elden - då kvarv ho burt. Olav kjende kvendet: det var ei trollkjerring or Bykle. Men ho var sjuk då og heldtst med kvila; ho vann aldri koma or stoga di heller.

(Gamalt or Sættesdal, bd. II s. 267.)

# 6 HÅHELLEREN

## 6.1 Beliggenhet

Håhelleren ligger på ca. 900 moh. omlag midtveis mellom Setesdal og Sirdal, og om lag 2 km rett sør for Rv. 337 Brokke – Suleskardvegen og demningen ved Roskreppfjorden. Dette er helt vest i Valle kommune. Håhelleren regnes for den høyeste naturlige helleren i Setesdal og består av naturbeitemarken rundt den tidligere overnattingsplassen og fjellgården. I dag beites område av streifende sau på utmarksbeite. Håhelleren ligger rett sørvendt under fjellet. Den gamle bua er Turistforeningshytte, og ligger i rutenettet mellom Øyuvsbu og Gaukhei.

Også Håhelleren ligger på fattig grunnfjellsberggrunn med mye granitt med et tynt morenedekke over (<http://geo.ngu.no/kart/>). Det forekommer dessuten en del forvitningsmateriale fra fjellet bak. Området ligger i hellende terreng ned mot vannet, og er relativt variert og småkupert med forsenkninger med mindre bekkedrag og myrer, til oppendte hauger med tørrere vegetasjonstype.

Et område på ca 25 daa ble befart 10.august 2015.Figur 55. Flybilde over Håhelleren og avgrenset område (blå strek) som ble befart 10.08.15 . (Figur 55.)



Figur 55. Flybilde over Håhelleren og avgrenset område (blå strek) som ble befart 10.08.15 .  
[http://webhotel3.gisline.no/WebInnsyn\\_setesdal/Vis/Internett](http://webhotel3.gisline.no/WebInnsyn_setesdal/Vis/Internett)



*Figur 56. Håhelleren er et åpent og sørvendt beiteprega kulturlandskap under den store helleren. Området ligger på et tynt morenedekke med i tillegg en del forvittringsmateriale fra fjellet bak. Foto ES 10.08.15.*

## 6.2 Kulturminner Brokkeheia

For Brokkeheia gjeld svært mykje av det same som er skriva om Åmliheia. Namnet slik mange noko misvisande brukar det i dag, er heia vest for sjølve Brokkegrenda og meir eller mindre langs Brokke-Suleskarvegen til grensa mot Sirdal inne ved Roskreppfjorden. I praksis må ein passere eigedomar til gardane Rysstad, Nomeland, Haugeland, Brokke og Berg for å kome seg over heia.

Frå gammalt var dette ei viktig ferdsleåre. I «Den store hellerboka» fortel Torfinn N. Hageland at vegen gjekk «frå Brokke om Furestøyl og Uvedalen. Ved Reigårsstøylen ligg det eit brudled. Ridevegen gjekk vidare ned til Videvad og inn til endes av Evardalen. Vidare over heia blei han merka med høge stenger i 1811. Han gjekk opp Kleivì (Ytre Kleivì) mot sørvest, om Vardsvasslega og Løkjedalslega til Håhedder. Krøterdriftene frå Brokke i Hylestad kom denne vegen.

Ridevegen heldt fram på andre sida av vadet. Han gjekk forbi falkefangarhytta på toppen av Hytteheii, om Langatjødn, Flådalen og Heiestøl, på sørsida av Fløgvatnan, gjennom Austmannskaret og ned til Suleskaret. Krøterdriftene frå Nord-Jæren og Gjesdal kom den vegen.»

Når vi køyrer over heia med bil i dag, kryssar vi den gamle, merkte vegen - Stongevegen -like etter at vi har passert Vardsvatn på veg vestover. Tek ein seg tid til ein liten stopp og følgjer vegen i retning Håhelleren vil ein sjå at nokre av dei gamle einerstengene framleis står.



Figur 57. Frå Rv. 337 er det skilta inn til Håhelleren. Foto LJ 13.10.2015.



Figur 58. Mellom Håhelleren og Vardsvatn er det framleis stenger som står og viser dei vegfarande vegen over heia.

Sjølv om vegen var godt merkt, og folk var vane med å ferdast i fjellet, var det ikkje råd å unngå ulykker. Ei av dei større var i 1772, då fleire setesdølar omkom i eit forferdeleg uvêr.

I motseting til i Åmliheia var det i dette området eit meir markert skilje mellom støylsområda og drifteheia. Rett nok veit vi at bøndene i Berg slo høy heilt inne ved Kverevatn (no ein del av Roskreppfjorden), og frakta heim på skareføre vinterstid. Men i hovudsak låg støylane ein god del nærare bygda. Sandvasstøylen og Urevasstøylen, som ein køyrer forbi langs Brokke-Suleskarvegen, er dei støylane som ligg lengst inne i heia. For så vidt markerer dette og ei grense mot vest også for områda lenger sør, og nordover mot Kleivi i Evardalen.

Urevasstøylen var den siste støylen som var i bruk i dette området. Siste sommaren Gunvor Faremo sat med kyr der var i 1961.



*Figur 59. Gunvor Faremo med kyrne på Urevasstøylen. Foto frå Facebook, Bjørgulv N. Berg.*

Eit anna noko eksotisk innslag nokre år på tidleg 1900-tal, var då sørsamar leigde beite av bøndene og dreiv store tamreinflokkar inn i heia. Lars Johnsson og kona Sigrid sat i Sandvasskvæven frå 1907-14. Tomtene etter bua syner enno. På Kyrkjenauslega om lag midt mellom Vardsvatn og Kleivi i Evardalen, sat Anders Renander. To av borna vart endåtil fødde der inne, og ein son døydde der. Eldsteguten var fosterson hjå Sigrid og Lars med Sandvatn. Dette er så vidt ein veit den sørlegaste samiske busetjinga i Noreg.



*Figur 60. Samar og bygdefolk med reinsdyrflokken. Foto Knut Jonson Heddi. Frå Setesdalsmuseet.*

Omtrent samstundes med at samane gjorde sitt inntog i heia, begynte oslomannen Thorvald Heiberg å kjøpe opp store heieområde. Til slutt sat han att med kring ein million mål på båe sider



*Figur 61. Thorvald Heiberg til høgre, saman med Tarald Å. Berg som var ein av vaktarane i heia. Foto frå Setesdalsmuseet.*

av heia. Ideen var å skape eit gigantisk jakt- og fangstområde, med stor tilgang på reinsdyr, ryer og fisk. Målgruppa var europeiske storviltjegerar og andre med mykje pengar som kunne betale godt for å få lov til å vere med. Eit nett av jakthytter vart bygt som del av prosjektet. Vidare vart det tilsett vaktarar som skulle hindre bygdefolk frå å jakte. Det medførte sjølvsagt store konfliktrar. Ein del av arbeidet til vaktarane bestod også i utrydding av rovvilt, mellom anna fangst av rovfuglar med fotsaks.



Figur 62. Fanga rovfuglar. Illustrasjon frå Thv. Heiberg si «reklamebok» frå 1908.

Ein del av heia vart seinare selt til andre, men det største arealet overtok ministerpresident Vidkun Quisling og Staten i 1943. Det var dei som sette namnet Njardarheim inn på kartet.

Thv. Heiberg sette også i gong vegbygging. Frå kring 1924 var det mogeleg å køyre med bil 12 km vestover i heia frå Brokke. Vegen sluttar der den eigentlege Evardalen begynner, og der vart det sett opp bilgarasje som setesdølane naturleg nok kalla «bilstadd» - bilstall. Det vart også starta opp vegbygging på vestsida i Sirdal, men det vart etter kvart for kostbart for Heiberg. Ein vegstubb på halvannan kilometer inn til Suleskar var det som vart resultatet.

Heibergvegen fekk ein sideveg frå Greini og inn til Myklevatn i 1932. Bøndene på Rysstad og Nomeland trong veg inn der, og stod sjølve for det arbeidet. Då Brokke-Suleskarvegen vart bygt på slutten av 1980-talet (opna 21.9.1990) følgde den denne lina vidare forbi Urevotni, over høgste Kvislevasskaret, forbi Ivelungevotni og Roskreppfjorden og ned med Suleskar.



*Figur 63. Med «bilstadden» inst i veggen i Evardalen. Derifrå overtok kløvhestane. Torgeir N. Brokke var ein av dei som hadde det arbeidet. Foto frå Setesdalsmuseet.*

### 6.2.1 Håhelleren

Setesdølar og sirdølar er ikkje heilt einige om det heiter Håvheller eller Håheller. Den offisielle nemninga er iallfall Håhelleren, og den mest sannsynlege tolkinga er «den høge helleren».

I dag har SVR bygt eit informasjonssenter ved Håhellervatnet. Dette ligg på sirdalssida, og derifrå ser ein mot den kvelven Håhelleren ligg. For å take seg fram frå den kanten må ein gå tilnærma rundt vatnet og over ei hengjebbru.

Frå Vallesida er det mykje enklare. I bakken nedanfor der Jæren Smalelag har ei av gjetarhyttene sine, er det mogeleg å parkere, og med unntak av at ein må vasse over elva, er den gamle køyrevegen som vart bygt i samband med anleggsarbeidet inntakt. Det tek ca. 20 min å gå bort til sjølve helleren.



*Figur 64. Den gamle anleggsvegen er inntakt, men brua er borte. Foto LJ 13.10.2015.*

Vi kan vere sikre på at ferdsla forbi Håhelleren har røter i forhistorisk tid. Ikkje minst fordi det her var mogeleg å kome over utan båt. Det er ein formidabel ekstratur å kome til neste vadeplass. Frå gammalt vart Kvina rekna som ei 100% sikkert gjerde i forhold til beitedyr. Ein ser det kanskje best på elvestubben mellom demninga i Roskreppfjorden og ned til Håhellervatnet. Dei blanksurde, kvite steinane viser at elva for ikkje så lenge sidan hadde ei vesentleg større vassføring. I dag kan ein kome seg over nær sagt kvar som helst.

Fram til bilvegen vart bygt, var dei gamle ferdslevegane einerådande . Det gamle vadet over Kvina var like nedanfor helleren. Kor vanskeleg det kunne vere å kome over – iallfall når båten låg på andre sida, og det hadde regna kraftig - har Arne Garborg levande skildra frå si heieferd i 1870-åra.

Ei flat øy i vatnet nedanfor helleren var ein del av vadet. I samband med kraftutbygginga vart heile vestre del av vadet grave vekk og bruka som tetningsmasse i dammen. Foto frå før kraftutbygginga viser at det er tale om store mengder. I dag er det ikkje mogeleg å tenkje seg at folk kunne vade over her.



*Figur 65. Øya nedanfor Håheller der sagnet fortel at sirdølar og setesdølar kapreid under sommarstemne i fjellet. Mange driftekarar brukte å jage driftene over Kvina midt på øya til venstre, her var det truleg og Arne Garborg streva for livet. Til høgre for øya er elva meir som ein bekk. Brua syner i bakgrunnen. Foto og tekst KOT årbok 1962.*



*Figur 66. Mykje masse vart teke frå vadet til å tette demninga med. No er det ikkje godt å sjå at det fram til 1968 var rimeleg greitt å vade over akkurat her. Foto LJ 13.10.2015.*

I 1938 vart det bygt ei 44 m lang hengjebra noko nordanfor vadet. Denne har vore i bruk sidan.



*Fig.77. Hengjebrua har vore til stor nytte.*

Vegen vidare gjekk over Hytteheia, som har namnet sitt frå den tida då hollandske(?) falkefangarar hadde falkefangarhytte på staden.




*Figur 67. Hytteheia der falkefangarar bygde fangstanlegg, truleg på 1600-talet. Foto LJ 1994.*

Håhelleren er ikkje omtalt i dei eldste kjeldene, men då Stongevegen vart merkt i 1811, var dette det naturlege valet. Arkeolog Arne Bang-Andersen fann på 1930-talet ei jerngryte frå middelalderen under ei utgraving i sjølve helleren. Vi er elles ikkje kjende med kva som er utført av arkeologiske undersøkingar på staden.

Sjølv om det er høgt under taket og ingen framvegg, er dette ein stad som etter den tids forhold var heilt greitt. Det lever enno sauegjetarar som kan fortelje korleis dei av og til heldt varmen med å flekke av mose frå berget og breie over seg. Sengetøy var ikkje noko dei drassa med seg rundt i heia.

For ferdafolk var det då ein stad å kome inn og få ly. Om det også låg ved der slik at det var mogeleg å varme seg er, er lite truleg. Med unntak av lyng og einerkratt er det ingen vegetasjon som kan brukast til ved i området. Dette måtte køyrast på plass med hest, og det var truleg ingen eldsjeler som gjorde det på dugnad.



*Figur 68. Inni, eller kanskje rettare sagt, under Håhelleren. Merka etter det som kan ha vore den omtala fiskebua, er i andre enden. Foto LJ 13.10.2015.*

I naudssituasjonar var det likevel ei løysing å take seg inn i den fiskebua vi veit Torleiv Niklosson Berg hadde på staden. (Det er ikkje utenkjeleg at det er denne vi ser murane etter under sjølve helleren.) At det der kunne vere litt ved og kanskje også høy til å breie over seg, er ikkje utenkjeleg, men sjølvsagt var det ikkje slik at kvar og ein berre kunne take seg til rette i utrensmål.

Frå ca.1818-1844 var det husrom å få hjå dei fastbuande. Så er det ein periode vi ikkje heilt veit korleis situasjonen var. Kanskje vart husa fjerna med ein gong. Kanskje etter ei tid. Iallfall løyvde amtstinga i Aust- og Vest-Agder pengar slik at det i 1867 kunne byggjast ei amtsstoge på staden som reisande kunne bruke.



*Figur 69. Eldste fotografiet vi kjenner av Håhellerhytta er teke rett etter år 1900 av sekretæren i turistforeninga, August Abrahamson. Foto frå Setesdalsmuseet.*

Det tykte også sauegjetarane var greitt, og slo seg gjerne ned der når dei styregjette (sjå pkt. 2.1). Når ingen rydda eller gjorde reint vart det etter kvart ganske utriveleg inne. Det var berre eitt rom som måtte delast mellom folk og dyr, og det gjorde ikkje ting betre.

I boka «Egden i dikt og prosa» fortel Lars T. Solskard at det vart tilsett ein tilsynsmann som skulle sørge for at der var ved og høytilgjengeleg. Det vart spadd torv til brenne, og høyet vart slege i bakkane rundt Håhelleren.

1912 vart det sett opp eit tilbygg med 8 senger. Dyra fekk vere i den gamle delen som før. Av og til kunne det likevel vere så mange folk at nokon framleis måtte dele rom med dyra.



*Figur 70. Hytta slik ho var på 1920-talet. Foto frå KOT Årbok 1962.*

I 1949-50 vart denne bua teken ned, og den som framleis står vart sett opp.

Vegvesenet var ansvarleg for bua fram til vegen vart bygt. DNTSør overtok i 1987, og bruker den i dag som ei av mange turisthytter. Siste oppussing var i 1990, og bua er i god stand med ni sengeplassar.



*Figur 71. Turisthytta er plassert oppi muren ette dei gamle husa frå 1800-talet. Sjølve helleren i bakgrunnen. Foto LJ 13.10.2015.*

### 6.2.2 Fast busetjing

I 1829 vart det underskriva ein kontrakt mellom bøndene i Brokke og Berg og «Ole Syversen og Tarje Olsen Halvhedler» om bygging av Håhelleren for deira levetid. Namnebruken viser at dei då alt budde ved Håhelleren, og hadde truleg gjort det sidan ca. 1818. Kontrakten nemner ei fiskebu dei har lånt, og som truleg stod inn under sjølve helleren.

Folka på staden fekk etter kvart mest å gjere med Sirdal. Ein av sønene var forresten den kjende rosemålar Ola Målar.

Leiga skulle svarast i gjeting av sauer og slaktedy. Fiske med stegle eller garn hadde dei ikkje rett til. Underforstått kunne dei fiske med stang, men kontrollen med dette var truleg ikkje lett.

Vi veit også at det vart sett opp tømmerhus. Høge murar etter eit 23 meter langt og 5,5 meter breitt bygg står tydeleg i terrenget. Husa der dei budde og fjaset har vore eitt langt hus. Det er også murar etter mindre bygningar i vestre kant og på nedsida. Dagens turisthytte står midt opp i den gamle tomta, og ein del stein er nok brukt og flytta på i samband med seinare tidars byggjeprojekt.

I motsetning til ved Bossbu og Sveling er det tydelege teikn på at området er rydda for stein. Store samlingar av stein ligg att i terrenget i form av røyser som delvis er lødde opp i nedre kant av dei ganske bratte bakkane der dei prøva å dyrke jordeple utan heilt å lukkast. (19-20)

Det kan også ha med jordsmonnet å gjere, for på Bjåen øvst i Bykle – om lag på same høgda over havet - vart det dyrka jordeple. Kor djup mold det var i bakkane ved Håhelleren, er ikkje undersøkt, men det er djup myr nede på flatene slik at det ville vere etter måten enkelt å køyre på mold. Beitet ved Håhelleren har heilt visst vore ein hovudgrunn til at nokon valde å bu der. Mogelegheita til å skaffe seg inntekter med å tilby kost og losji til reisande, har nok også vore gunstig. Då dei reiste frå staden hadde dei iallfall pengar nok til å kjøpe seg gardsbruk i Sirdal.

Folka som budde fast flytta frå i 1844, og området vart på ny bruka til legegjeting. Frå 1916 leigde Jonas Espeland området til styregjeting.

Sidan tidleg på 1950-talet har sauene fått gå på sjølvstyr. Etter at det vart bygt køyreveg inn til dammane i 1965 i samband med kraftutbygginga, har området vorte svært sentralt i samband med utsetjing på sommarbeite og sanking av jørsau.



*Figur 72. I tillegg til tufta etter bustadhuset, er det også murar etter fleire andre bygningar som har stått i området. Foto LJ 13.10.2015*



*Figur 73*

Olav K. Nomeland, ein av dei som gjeter sau i heia, fortel at Håhelleren er ein av dei tidlegaste plassane snøen forsvinn, og det er grønt der før dei fleste andre stader. Mange saueflokkar vert sette av her for så å drivast vidare sørover eller nordover. Det er også ein stad der ein alltid møter sauer om sommaren.

### 6.2.3 Helleren

Det største kulturminnet er sjølvsagt helleren. Storleiken er vanskeleg å definere, då det er mest uråd å bestemme kva for ein stein målebandet skal plasserast på. Iallfall er den større enn nokon andre hellerar i heia, og kan den gjeve ly til 15-16 personar. Det er høgt under taket, og ingen vegg framme, men der har folk søkt ly kanskje i tusenvis av år. (21-22)



*Figur 74. Det er noko majestetisk over Håhelleren. All saueskiten har gjort til at golvet i helleren er ganske slett. Foto LJ 13.10.2015.*

Om ein kjem der i dag er det sauelort og lukt av urin som først møter ein. Det fortel oss kven som har hatt mest glede av staden dei siste tiåra. For fjellfolk er det ikkje lenger mogeleg å liggje der utan at stanken vil opplevast som ekkel.

Ei arkeologisk utgraving på 1930-talet avdekkja fleire kulturlag, og det vart funne ei jerngryte som kunne daterast til middelalderen. Vi er elles ikkje kjende med kva omfanget av dei arkeologiske undersøkingane på staden var.

Helleren ber ikkje preg av at det på nokon måte er lagt til rette for å gjere den meir anvendeleg. Det ligg mykje stein på «golvet». Mellom steinane er det ganske flatt på grunn av all sauelorten.

Det er heller ikkje mura opp vegger av noko slag. I austre enden av helleren er det merke etter ein grunnmur som ein trur kan vere etter den fiskebua som er omtalt i kontrakten frå 1829.

At det ser slik ut har sjølv sagt å gjere med at folk sidan tidleg 1800-tal – kan hende med unntak av nokre av åra 1844-67 – i all hovudsak har hatt tilhald i bua og ikkje bruka helleren. Steinar kan ha blitt flytta på, murar rast ned m.m..

#### 6.2.4 Murar etter husrekkje

Vi har om lag hundre år gamle foto frå staden som dokumenterer at ganske mykje av steinmuren har forsvunne opp gjennom åra. Ser vi etter er det ikkje vanskeleg å skjønne at mykje stein har gått med til å mure opp framfor noverande turisthytte.



Figur 75. Mykje arbeid er lagt i å samle stein og lø opp dei gamle murane. Foto LJ 13.10.2015.



Figur 76. Heile området ber preg av at menneske har lagt ned mykje arbeid for å skaffe seg eit levebrød i heia. Foto LJ 13.10.2015.

### 6.2.5 Rydningsrøyser/forstøttningsmurar

Fleire stader i kulturlandskapet ser ein tydeleg korleis dei som ein gong budde her har grave opp stein og lagt i små røyser eller bygt opp forstøttningsmurar for å hindre jordsig.

I dag ser det kanskje noko unødvendig ut med eit hardt lag med torv som dekker det meste. Då får vi hugse på at dette vart gjort den tid dette var tenkt som åker, og at det då sjølvstapt var eit anna behov for sikring.



*Figur 87. Omtrent midt på biletet er det lagt opp ein steinmur. På neset som stikk ut mot høgre noko over midten av biletet, er det mange merke etter aktivitet. Kvifor det ser ut som det gjer, er ikkje enkelt å forklåre. Foto LJ 13-10-2015.*

### 6.2.6 Steingjerde, steinhaugar m.m.

Kring 400 meter søraust for sjølve Hellenen stikk eit nes ut i Håhellervatnet. Det er ganske flatt og mest berre gras. Lite lyng og annan vegetasjon. Ved overgangen til lyngkratt, går det eit steingjerde tvers over frå vatn til vatn.

Delvis parallelt, men midt inne i «enga», ligg ei ny steinrekkje som også strekkjer seg frå vatn til vatn. Ute på neset er det steinsamlingar og steinsejingar og fordjupingar som det ikkje utan vidare er mogeleg å finne ei forklaring på kva er, eller kvifor dette ligg slik og kva det kan ha vorte brukt til.



*Figur 88. Murar som etter eit bygg, uvisst kva slag. Foto LJ 13.10.2015.*



*Figur 89. Stein er lagt opp i lange rekkjer, men for lågt til å hatt funksjon som gjerde. Ein annan stad er det mura rundt ein stein. Foto LJ 1993 og 13.10.2015.*

## 6.3 Kulturavhengig vegetasjon på Håhelleren

### 6.3.1 Beitetrykk og slitasje

På Håhelleren varierer beitetrykket og slitasjen en del. Jevnt over er det middels beitetrykk av i hovedsak sau som jevnlig streifer innom området. Oppe under helleren har beitedyra fast hvileplass og her er det sterk tråkkslitasje med mest åpen jord iblanda mye møkk og urin.

Beitene på Håhelleren er relativt varierte og smakfulle for beitedyra med en rekke ulike arter og vegetasjonstyper. Her finnes alt fra beiteprega myr- og kildevegetasjon til opplendt og tørrere engmark. På tilgrensende arealer og på ryggen veksler grasvegetasjonen over i lyngmark og rishei. Det samme gjelder på mer utilgjengelige flekker innimellom steinblokker o.l.

Overveiende er beitetrykket middels til høyt, noe som hindrer gjengroing og forfall, og som samtidig sikrer at konkurransesvake arter kan trives og leve videre i området. Slitasjen er sterk på arealene innunder fjellet.



*Figur 77 Innunder helleren har sauene fast hvileplass. Her er marka helt opptråkka og har preg av talle, med en blanding av møkk, urin og jord. Foto ES 10.08.15.*



*Figur 78. Beitetrykket i området er middels til stedvis høyt. På omkringliggende arealer med lavere beitetrykk tar risheia med ulike lyngarter over. Foto ES 10.08.15*



*Figur 79. I forgrunnen dominerer finnskjegg og seterstarr. Finnskjegg beites i liten grad og finnskjeggtuer blir stående igjen ubeita. Oppe under helleren er vegetasjonen prega av gjødselspåvirkning og framtrer grønnere i farge. Foto ES 10.08.15.*



Figur 80. På rygger og opplendte areal er gjerne nedbeitingen meget god. Foto ES 10.08.15.

### 6.3.2 Vegetasjon oppunder helleren og på opplendte arealer

Siden berggrunn og beitepåvirkningen er mye den samme, er engvegetasjonen naturlig nok om lag av samme type som ved Bossbulega og Sveling, og består hva gjelder rikhet av en intermediær-type som kan etter kartleggingssystemet Natur i Norge (NiN 2.0) plasseres innen T32-C-4 Intermediær eng med klart hevdpreg, eller etter Fremstad 1997 som G4 frisk fattigeng med dominans av G4c Fjelltimotei -seterrapp utformingen.

På vollen mellom helleren og rundt DNT-hytta vokser gras og halvgras som engkvein, fjellgulaks, rødsvingel, sølvbunke, finnskjegg, engrapp, tunrapp, smyle, sauesvingel, seterstarr, stivstarr, slåttstarr, gulstarr, aksfrytle, og urter som småsyre, engfiol, setermjølke, blåklokke, glattveronika, krypsoleie, engsyre, fjellmarikåpe, hvitkløver, fjellfølblom.

Oppe under helleren med den sterke gjødselspåvirkningen vokser mer nitrofile arter som stornesle, krypsoleie, ugrasløvetann, bringebær, vassarve, glattveronika og stedvis mye tunrapp. En kan se på lang avstand at her er det mye næring fra sauehelleren, da området lyser sterkt grønt på avstand.



Figur 81. Nitrofile arter trives oppe ved helleren. Her vokser vassarve (*Stellaria media*), stornesle (*Urtica dioica*) og hundekjeks (*Anthriscus sylvestris*). Foto ES 10.08.15.

På Håhelleren ble det registrert en del flere lavlandsplanter som er spredt opp i fjellet med ferdsel og med beitedyrene. Det gjelder til eksempel mange av artene under helleren, se figur 95.

Denne spredningen av planter med kulturbruken har vært kjent lenge, til eksempel skriver Thekla R. Resvoll i boka til Helland i (1904):

*«En hel del af de planter, som vokser nær færdselsveiene og de beboede steder i amtet, er ugræs eller saadanne planter, som er udbredte vedkulturen. Enkelte af disse kan følge menneskenes veie endog op paa de høieste sætervolde. Dette er f. eks. tilfælde med vasarven (*Stellaria media*), hvis dybgrønne bladverk neppe vil savnes udenfor en eneste sæterdør. Ved sætrene vokser desuden planter som grobladkjæmpen (*Plantago major*), og ofte ogsaa balderbraa (*Matricaria inodora*), tunrap (*Poa annua*), nesle (*Urtica dioica*) og andre, som i en saadan høide ikke vil findnes uden paa steder, hvor der til stadighet færdes mennesker.»*

Frø til disse artene kan ha satt seg fast klærne folk som har ferdes. Frø kan også ha blitt fraktet opp i pelsen, i klovene eller via gjødselen til husdyrene. Dette var arter som hørte hjemme på beiten nede ved gården, og som fant seg til rette oppe på stølen og i beiteskogen i utmarka, først og fremst fordi de møtte ens betingelser og forhold m.h.t. lys, konkurranse, næringstilgang og stress. Planter brakt med fra gården var alt fra ugras og kunstengarter som tunrapp, løvetann, vassarve og hvit- og rødkløver. Det var nitrofile arter som hundekjeks og soleier, eller generelle engarter som gras og starr, f. eks. rødsvingel, engkvein, gulaks, kornstarr og gråstarr, eller urter som bl. a. ryllik, marikåpearter, følblom, mjøduert, prestekrage, balderbrå og stemorsblomst (Olsson, G. A. m fl.1995, Jansen og Svalheim 2002).



*Figur 82. På en fjellhylle oppe ved helleren ble det registrert blårapp (*Poa glauca*).  
Foto ES 10.08.15.*

### 6.3.3 Vegetasjon på myr og rundt kilder og bekker

Det forekommer en del myrvegetasjon på Håhelleren, både i hellende terreng og på horisontale mindre flater og langs bekker og kilder. Dette er overveiende fattige til intermediære myrer hva gjelder rikhet (jf typene beskrevet fra Bossbulega og Sveling).

Her vokser bl.a. arter som multe, torvmyrull, duskull, myrfiol, slåttestarr, flaskestarr, gråstarr, trådsiv, og på tuer og kanter arter som fjellkrekling, finnskjegg, blåbær og skogstjerne. Stedvis er det mye multe.



*Figur 83. Mye av landskapet på Håhelleren består av myr langs sig og bekke drag, samt som her terrengdekkende myr i hellende terreng. Foto Es 10.08.15.*



*Figur 84. Sauene beiter i kanten av myra. Hvis myra er fuktige vil sau i liten grad bevege seg utpå. Foto ES 10.08.15.*

### 6.3.4 Vurdering

Vegetasjonen på Håhelleren er variert og består av kulturavhengige naturtyper i god til noe mindre god hevd. Dette er middels rik (intermediær), semi-naturlig naturbeitevegetasjon både på tørrere, opplendt mark, fuktigere mark til myr og kildevegetasjon. Det seminaturlige stølsområdet er i hovedsak omringet av beitepåvirket rishei. Ut fra stor variasjon i naturgitte forhold på korte avstander kombinert med at området har lang kontinuitet i beitehevd med fortsatt god nedbeiting kan arealene på Håhelleren regnes som relativt artsrike og verdifulle. Det er noe forfall pga. stedvis noe lavere beitetrykk. Ingen registrerte problemarter som bør tas hensyn til. Det forekommer en del slitasje oppe ved helleren, men dette må ses på som naturlig og viser en heller som er i bruk av beitedyra.

#### 6.4.1 Skjøtsel kulturminne

Håhelleren har flere typer kulturminne. Selve helleren, murer etter bygninger og rydningsrøyser. Alt bidrar til å forme kulturlandskapet over et ganske stort areal. Beitetrykket er også så stort at hele området bærer mer preg av å være en engvoll enn utmark.

Murer etter bygninger og rydningsrøyser vurderer vi som uhensiktsmessig å gjøre noe i forhold til, annet enn på skånsomt vis legge tilbake stein som åpenbart har falt ned fra der den engang lå.

Det største spørsmålet er likevel om det kan være mulig å gjøre selve helleren funksjonell som et slag eksotisk overnattingstilbud inne i fjellheimen. Slik den framstår i dag er den så full av møkk, og lukter så ille at det ikke er aktuelt.

Selvsagt kan møkka fjernes, og golvet i helleren påføres annen masse. For sauen vil det ikke innebære noen forandring i så måte, og uten et ganske så solid gjerde vil sauen raskt ta plassen tilbake. Om en derimot gjerder helleren ute, vil området raskt gro til, og en får et vedlikeholdsarbeid med å slå og holde den åpen for overnatting.

Vi kjenner også til at det er planer om å flytte DNT Sør sin hytte ved Øyuvsbu til Håhelleren. Om dette blir en realitet, må det være en forutsetning at bygningen plasseres utenfor de stedene der det fremdeles er tydelige merker etter gammel bosetning og rydning.

### 6.3.5 Skjøtsel biomangfold

Landskapet på Håhelleren er i relativt god hevd takket være god nedbeiting ved at mange sau streifer innom området. Det forekommer i dag semi-naturlig beitemark og beiteprega myrvegetasjon innen store deler av det undersøkte området. Nedenfor anbefales mange av de samme restaurerings-, og skjøtelsrådene som for Bossbulega og Sveling:

Følgende restaureringstiltak anbefales:

- Rydde ekspanderende rishei/einer/dvergbjørkratt. En bør påse at nåværende areal med naturbeitemark/beite myrkanter mm fra helleren og ned mot vannet, spesielt rundt bygninger og støttemurer ikke blir mindre i utstrekning ved at tilgrensende rishei får ekspandere inn i grasmarka. Det anbefales derfor på flekker med ekspanderende einer/lyng å :
  - Fjernes dette manuelt ved rydding og /eller i kombinasjon med;

- Svi/brenne flekker med ekspandert rishei når snøen har trukket seg tilbake på vårparten der en ønsker å få tilbake grasvegetasjonen og dermed mer beite.
- Svi området med mye daugras, eks med sølvbunke og finnskjegg. Dette er en revitalisering av beitenene, og gir også bl.a. økt smaklighet for dyra.
- Holde området fritt for søppel.

Årlig skjøtsel ved beite:

- Beitetrykket på Håhelleren må regnes som godt og det er viktig at dette opprettholdes på sikt. Håhellerens plassering i heia skulle tilsi at dette er fullt mulig.

### 6.4.3 Formidling

Viser til det som er sagt under pkt. 3.4.3. Temaet ble også drøftet på møte i Stavanger 1.12, og vi slutter oss til de synspunkt som der ble nedfelt:

- *Satse på digital informasjon med utgangspunkt i rasteplassen ved Håhellervatn (Brokke-Suleskarvegen). Fiberkabel og elektrisitet tilgjengeleg. Ingen mobildekning.*
  - *Løyper med tilrettelegging og digital informasjon på korte familieturar i nærområdet.*
  - *Kulturminne og natur på vegen inn til Håhelleren (DNT-hytte/gamal fjellgard) – 20 minutt frå Brokke-Suleskardvegen.*
- *Mulege samarbeidspartnarar: Sirdal og Valle kommunar, Sira- Kvina, Statskog og DNT Sør.*

# LITTERATURREFERANSER

Eikeland, S., Driftesmalen. Gjætarliv på vegtråkk og villfjell. Jæren 1966.

Flaa, H. (red.), Vandringer i Setesdal Vesthei. Kristianssand 2008.

Fremstad, E., 1997. Vegetasjonstyper i Norge. \_NINA Temahefte 12: 1-279s.

Jansen, L., Svalheim, E., 2002. Stølslandskapet på indre Agder. Prosjektrapport på oppdrag for Fylkesmannen i Aust-Agder.

Jansen, L., Rynningen, A., Valle kommune. Kultursøge. Bd. VII-VIII. Valle 1994.

Halvorsen et al 2015. Natur i Norge, NiN 2.0

Hageland, T. N., Murar og hellerar i heiane. Drifteheiane i Rogaland og på Agder. Kristiansand 1998.

Hageland, T. N., Den store hellerboka for Agder og Rogaland. Kristianssand 2008.

Hallandvik, J.E., Boka om heiene. Vest-Telemark – Setesdal – Ryfylke; Kultur og tradisjonar- Oslo 1982.

Heiberg, T., Reindeer Shootings in South Norway. Christiania ca. 1908.

Helland, A. 1904, Topografisk- Statistisk beskrivelse over Nednes Amt, Første del. Den almindelige del, Aschehoug.

Lie, A., Åsen, P.A. 2001. Planteliv i Sirdal. Natur i Sør, Agder naturmuseums rapportserie 2001-1.

Norderhaug, A.(red) 1999. Skjøtselsboka, Landbruksforlaget.

Olsson, G.A. (red.) 1995. Seterlandskapet i Budalen og Endalen, Mitre Gauldalen, Midt Norge. Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, Rapport 2/95.

Rynningen, A., Valle kommune. Gards og ættesøge Hylestad. Bd. I-II. Valle 1985.

Rynningen, A., Valle kommune. Gards og ættesøge. Valle Bd. III-VI. Valle 1987.

Åsen, P.A., Lie, A., 2015. Bykleblomen. Lokalfloa for Bykle kommune. Agder Naturmuseum.

Munneleg informasjon frå Ingebjørg Vegestog Homme (f. 1930), Olav K. Nomeland (f. 1953) og Tarjei Haugen (f. 1949).

Munnleg tradisjon innsamla underarbeidet med Valle bygdebok 1980-1986.



Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) ble opprettet 1. juli 2015 som en fusjon av Bioforsk, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) og Norsk institutt for skog og landskap.

Bioøkonomi baserer seg på utnyttelse og forvaltning av biologiske ressurser fra jord og hav, fremfor en fossil økonomi som er basert på kull, olje og gass. NIBIO skal være nasjonalt ledende for utvikling av kunnskap om bioøkonomi.

Gjennom forskning og kunnskapsproduksjon skal instituttet bidra til matsikkerhet, bærekraftig ressursforvaltning, innovasjon og verdiskaping innenfor verdikjedene for mat, skog og andre biobaserte næringer. Instituttet skal levere forskning, forvaltningsstøtte og kunnskap til anvendelse i nasjonal beredskap, forvaltning, næringsliv og samfunnet for øvrig.

NIBIO er eid av Landbruks- og matdepartementet som et forvaltningsorgan med særskilte fullmakter og eget styre. Hovedkontoret er på Ås. Instituttet har flere regionale enheter og et avdelingskontor i Oslo.



Forsidefoto: Frå Bossbulega, Ellen Svalheim 2015